Mikro mini hus - vedteke med 22 røyster mot 21 røyster (Tonje Ljones Såkvitne, Sp, Kari Sætren Bondevik, H, Benedicte Kragh, Hilde M. Magnusson, Stein Helge Mandelid, Tommy Mo Aarethun, Anders Gjeraker, Asgeir Løno, May Røssland, Graciella Betty Iradukunda, Ap, Dag Sandvik, Margrethe Alm, Håvard Skattum, Gry Bystøl Gladheim, Marit Tveito Askeland, Sv, Hilde Lussand Selheim, Endre Evensen, Anna Lussand Selheim, Norunn Renate Bidne, Uavhengig, Tonje Opkvitne, Mdg, Elin Seim, V)

Gode lokalsamfunn - framlegget fall med 35 røyster mot 8 røyster (Lars Gunnar Øye, Terje Eide, Knut Opheim, Kenneth Myhre, Inp, Knut Ståle Kvissel, Stig Frode Soltveit Støle, Frp, Øystein Måkestad, Krf, Sidsel Vinsand, R)

Grendasenter - framlegget fall med 42 røyster mot 1 røyst (Sidsel Vinsand, R)

Handel og service i samsvar med Høgre sitt punkt - røysta over tidlegare.

Heradsstyret røysta over heilskapen i framlegg til KPS, samrøystes vedteke.

HST - 05/26 Vedtak

1. Voss heradsstyre vedtek "*Kommuneplanen sin samfunnsdel (2026 - 2038)*"
2. Ordførar og rådmann får mynde til å leggja til forord før publisering og rådmannen får mynde til å leggja til relevante lekkjer og gjera tekniske justeringar i Framsikt- løysinga innan publisering.

Planen skal språkvaskast, med vekt på klart og rett språk.

Definisjonen av kva som utgjer regionsenteret skal utvidast til å omfatta Skulestadmo, Tvildemoen, og Palmafossen, då desse områda husar viktige samfunnsfunksjonar og tilbod som vidaregåande skule, politi, brannstasjon og handel med plasskrevjande varer.

Erstatta «omsorgstenester» med «institusjonar/omsorgsbustader». Forklaring: Omsorgstenester skal ein framleis kunna få sjølv om ein ikkje bur nær eit grendasenter.

Legg til «i hovudsak» i setninga «Innanfor regionsenteret med omland skal detaljhandel i hovudsak lokalisrast på Vossevangen, i tråd med sentrumsplanen».

Voss har lange tradisjonar innanfor bergverksdrift, og vil leggja til rette for vidareføring av desse der det er relevant, som til dømes uttak av anortositt.

Legg til «og kvileplass for tyngre køyretøy» i setninga «Energistasjon og kvileplass for tyngre køyretøy skal leggja til rette for fleire energikjelder, som mellom anna biogass og elektrisitet. Lokalisering og kva målgruppe energistasjonen skal tilretteleggjast for må utgreiast.»

Avsnitt om bubilparkering/camping vert utvida med ei setning i starten av avsnittet: Det skal setjast av areal til bubilparkering. Bubilparkering/camping bør lokalisrast i gang/sykkelavstand til Vossevangen eller fritidsdestinasjonar. Eksisterande grå areal og sambruk med andre funksjonar som t.d. parkering skal prioriterast.

Stryk setninga «Kantsoner og økologiske korridorar som sikrar samanhengande naturområde». Forklaring: Dette er noko som er viktig lenger sør i Europa, men lite relevant for område som Voss herad.

Følgande punkt vert innarbeida i avsnittet «Energi, næring og industri», i arealstrategien.

- Brynalii vert innarbeidd i punktlista over næringsareal. Arealet skal primært stø regional handel og tenester, som ikkje høyrer naturleg heime i Voss sentrum.
- Etablert næringsareal i grendene skal vidareførast. Vidareutvikling av desse skal vurderast.

I arealstrategien, under "Natur" /"Det skal takast særskild omsyn til", vert det lagt til "Kartlagte og verdsette friluftslivsområde"

Endringsframlegg:

- Jordbrukets si betydning for samfunnssikkerheit og beredskap kjem klart fram i avsnittet «Samfunnssikkerhet og beredskap», i tråd med Nasjonale forventningar.

Menneske med funksjonsvariasjon vert nemnd i risikovurderinga på lik line med unge, eldre og innvandrarar.

Allereie utbygde område og grå areal skal prioriterast for vidare utvikling. Berre unntaksvis og for tiltak med stor samfunnsnytte eller klimagevinst kan nytt areal takast i bruk til næring, industri og masseuttak.

I avsnittet «Bustadbygging»

Leggja til følgjande formulering som eit tredje kulepunkt: For å halde norsk matproduksjon ved lag, er det viktig å syte for busetjing i tilknytning til landbruksareal, og som bidreg til at neste generasjon driv jorda vidare.

Stryka første del og justera formuleringa I både regionsenteret og grendasentra skal bustadtypar som er eigna for ulike livsfasar prioriterast. Til dømes leilegheiter, mindre husvære og mikro-/ minihus.

Endra til - Bustadtypar som er eigna for ulike livsfasar skal prioriterast. Til dømes leilegheiter, mindre husvære og mikro-/ minihus.

06/26 Endeleg handsaming - Ein barnehage og skule for framtida, struktur 2026 - 2045

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

1. Følgjande endringar i skule- og barnehagestrukturen på kort sikt 2026 - 2027 i tråd med hovuddokumentet, vert gjennomført i Voss herad:
 - a. Gjernes barnehage vert avvikla og flytta til Kløve barnehage ved nytt barnehageår, hausten 2026 (kap 4.1).
 - b. Rådmannen får oppdrag om å gå i vidare dialog og forhandlingar med FUS-kjeda i høve samanslåing av Sundve FUS- og Hauge barnehage, med plassering i dagens Sundve FUS barnehage (kap 4.2).
 - c. Hauge barnehage vert lagt ned frå hausten 2026, eller så snart som råd etter.
 - d. Det vert oppretta oppveksttun på Evanger, fortrinnsvis frå hausten 2026 eller når skulebygget er satt i stand, der Bolstad og Evanger barnehage vert teke inn i skulebygget på Evanger. Det vert samlokalisering i Evanger barnehage fram til skulen er gjort klar. Brakkene på Bolstad vert sagt opp og barnehage på Bolstad vert avvikla (4.3).
2. Følgjande endringar i skule- og barnehagestrukturen på lenger sikt 2027 - 2032 i tråd med hovuddokumentet, vert gjennomført i Voss herad:
 - a. Bjørgum skule sine elevar i ungdomsskulealder, byrjar ved Granvin barne- og ungdomsskule frå 2029 (kap 5.1).
 - b. Forskrift om skulekrinsar i Voss herad vert endra i tråd med framlegg om endra kringsgrense for ungdomsskuleelevar i Bjørgumkrinsen, slik at dei byrjar på Granvin barne- og ungdomsskule ved nytt skuleår i 2029 (kap 5.1).
 - c. Rådmannen får oppdrag om å gå i gang med vidare detaljutgreiing av ny barneskule ved Voss idrettshall til 500 elevar. Eit nytt skulebygg skal sikra plass til elevar frå kringsgrensene til Gullfjordungen skule, Bulken skule og Vangen skule, samt den venta befolkningsveksten i sentrumskrinsane. Kringsrensa mellom noverande Vangen- og Gjernes skule, vert justert i tråd med framlegg i hovuddokumentet. Utgreiing av nytt skulebygg, skal sikra at me kan tilby elevar med store hjelpebehov eit tilrettelagt og forsterka skuletilbod. Økonomiske rammer for arbeidet vert å vedta i eigen sak, eller i økonomiplan (kap 5.2).
 - d. Forskrift om skulekrinsar i Voss herad vert endra i tråd med framlegg om endra kringsgrense for Gjernes og Vangen skule, og vert gjeldande frå nytt skuleår i 2027 (kap 5.2).
 - e. Rådmannen får oppdrag om å gå i gang med vidare utgreiing av ny barnehage i, eller i nærleiken av sentrum (kap 5.3).
3. Det skal utarbeidast ein plan for gjennomføring av kvart tiltak. Planen skal ivareta elevar, foreldre og tilsette i arbeidet med nedlegging, overføring og samanslåing av skular. Omstilling skal skje i tråd med kommunen sine rutinar.
4. Gjennomføring av tiltak som krev investeringar skal prosjekterast, og den samla kostnaden for kvart prosjekt skal vedtakast av heradsstyret før oppstart. Finansiering av tiltaka blir ein del av økonomiplanarbeidet 2027-2030, og årsbudsjettet for 2027. Tiltak som fører til auka driftskostnader må innarbeidast i budsjett i løpet av budsjettåret.

Vedtak som innstilling frå Ungdomsrådet, 26.01.2026 - 04/26

Ungdomsrådet støttar ikkje saka slik den ligg føre no. Ungdomsrådet ber heradsstyret om å sjå på følgjande punkt:

Punkt 1b. og c.

Ungdomsrådet syns ein bør sjå vidare på andre mogelegheiter i sentrum før ein vedtar å bygga på arealet med campinga.

Ungdomsrådet syns heradsstyret bør sjå på nytt på mogelegheiter i Tvildemoen og Gjernesmoen.

Ungdomsrådet meiner me ikkje bør flytta Bulken, men at Gullfjordingen kan heradsstyret vurdere.

Ungdomsrådet syns ikkje alle skular bør samlast på Vangen, heradet bør halda liv i bygdene.

Vedtak som innstilling frå Innvandrarrådet, 26.01.2026 - 05/26

Innvandrarrådet forstår behovet for innsparring.

Desse punkt er viktig for innvandrarrådet når det gjelder skulestrukturen:

- Barnehager og skuler i nærområdet til der ein bur (gang- og sykkelavstand). Barnehagar og skular i nærområdet bygger nettverk og fellesskap. Nettverk og tilhøyrse er ekstra viktig når ein er ny i landet. Nettverk førar til betre beredskap. Skule og barnehage i gang- eller sykkelavstand er helsefremmande og er i tråd med andre gjeldande planar i Voss herad. Mange innvandrarar har utfordringar med å få sertifikat og har ikkje tilgang til bil.
- Skular av middelsstørrelse er å foretrekker for integrering i motsetning til større skular (ynskjer færre av same språkbakgrunn i same klasse. Innvandrarrådet opplever at det fører til betre norsk språkspråkopplæring)
- Innvandrarrådet er uroleg for sentralisering av skular og barnehagar. Innv. fryktar at det vil føre til mange uføreselige konsekvensar når det gjeld transport (skuleskyss rettar gjeld ikkje barnehage og fritidstilbod). Grunna sentralisering fryktar innv. at sentrumsnære bustadar får økt bustad- og leigeprisar og dette kan føre til større klasseskiller på Voss.

Vedtak som innstilling frå Råd for menneske med nedsett funksjonsevne, 26.01.2026 - 04/26

1. Følgjande endringar i skule- og barnehagestrukturen på kort sikt 2026 - 2027 i tråd med hovuddokumentet, vert gjennomført i Voss herad:
 - a. Gjernes barnehage vert avvikla og flytta til Kløve barnehage ved nytt barnehageår, hausten 2026 (kap 4.1).
 - b. Rådmannen får oppdrag om å gå i vidare dialog og forhandlingar med FUS-kjeda i høve samanslåing av Sundve FUS- og Hauge barnehage, med plassering i dagens Sundve FUS barnehage (kap 4.2).
 - c. Hauge barnehage vert lagt ned frå hausten 2026, eller så snart som råd etter.
 - d. Det vert oppretta oppveksttun på Evanger, fortrinnsvis frå hausten 2026 eller når skulebygget er satt i stand, der Bolstad og Evanger barnehage vert teke inn i skulebygget på Evanger. Det vert samlokalisering i Evanger barnehage fram til skulen er gjort klar. Brakkene på Bolstad vert sagt opp og barnehage på Bolstad vert avvikla (4.3).
2. Følgjande endringar i skule- og barnehagestrukturen på lenger sikt 2027 - 2032 i tråd med hovuddokumentet, vert gjennomført i Voss herad:
 - a. Bjørgum skule sine elevar i ungdomsskulealder, byrjar ved Granvin barne- og ungdomsskule frå 2029 (kap 5.1).
 - b. Forskrift om skulekrinsar i Voss herad vert endra i tråd med framlegg om endra kringsgrense for ungdomsskuleelevar i Bjørgumkrinsen, slik at dei byrjar på Granvin barne- og ungdomsskule ved nytt skuleår i 2029 (kap 5.1).
 - c. Rådmannen får oppdrag om å gå i gang med vidare detaljutgreiing av ny barneskule ved Voss idrettshall til 500 elevar. Eit nytt skulebygg skal sikra plass til elevar frå kringsgrensene til Gullfjordungen skule, Bulken skule og Vangen skule, samt den venta befolkningsveksten i sentrumskrinsane. Kringsrensa mellom noverande Vangen- og Gjernes skule, vert justert i tråd med framlegg i hovuddokumentet. Utgreiing av nytt skulebygg, skal sikra at me kan tilby elevar med store hjelpebehov eit tilrettelagt og forsterka skuletilbod. Økonomiske rammer for arbeidet vert å vedta i eigen sak, eller i økonomiplan (kap 5.2).
 - d. Forskrift om skulekrinsar i Voss herad vert endra i tråd med framlegg om endra kringsgrense for Gjernes og Vangen skule, og vert gjeldande frå nytt skuleår i 2027 (kap 5.2).
 - e. Rådmannen får oppdrag om å gå i gang med vidare utgreiing av ny barnehage i, eller i nærleiken av sentrum (kap 5.3).
3. Det skal utarbeidast ein plan for gjennomføring av kvart tiltak. Planen skal ivareta elevar, foreldre og tilsette i arbeidet med nedlegging, overføring og samanslåing av skular. Omstilling skal skje i tråd med kommunen sine rutinar.
4. Gjennomføring av tiltak som krev investeringar skal prosjekterast, og den samla kostnaden for kvart prosjekt skal vedtakast av heradsstyret før oppstart. Finansiering av tiltaka blir ein del av

økonomiplanarbeidet 2027-2030, og årsbudsjettet for 2027. Tiltak som fører til auka driftskostnader må innarbeidast i budsjett i løpet av budsjettåret.

Merknader frå RMMNF:

1. CRPD, FN-konvensjonen for menneske med nedsett funksjonsevne:

CRPD slår fast retten til inkluderande opplæring og til å delta i nærmiljøet. Store einingar kan gje betre tilgang til spesialkompetanse, men kan utfordra prinsippet om inkludering om barnet må flytta langt frå nærmiljøet.

Det er ein risiko for at born med funksjonsvariasjon kan oppleva segregasjon eller lange reisevegar, som kan påverka sosial deltaking og trivsel.

2. Ny opplæringslov:

Lova styrkar retten til tilpassa opplæring og krav til psykososialt læringsmiljø. Nærskuleprinsippet er sentralt. Barnet har rett til å gå på skule i sitt nærmiljø, med mindre særlege grunnar tilseier noko anna. Store einingar kan utfordra dette prinsippet om dei erstattar lokale skular.

3. Psykososialt læringsmiljømiljø:

Store fagmiljø kan gje betre ressursar for spesialpedagogikk og støtte.

Samstundes kan store einingar føra til anonymitet og mindre oversikt, noko som kan svekka tryggleik og relasjonar.

4. Tilpassa opplæring og krav til utbytte:

Større fagmiljø kan gje betre kompetanse og spesialpedagogiske ressursar. Men, tilpassa opplæring handlar ikkje berre om fagkompetanse, men og om nærleik, relasjonar og kontinuitet.

Transporttid og mindre fleksibilitet er ein risiko for redusert utbytte for enkelte born.

5. Barn sine rettar:

Barnekonvensjonen og norsk lov krev at born sitt beste skal vera styrande. Born skal høyrast i saker som gjeld dei og dette må vera ein del av planlegginga.

Oppsummering:

Ei løysing med store einingar kan ha faglege og økonomiske fordelar, men må vurdrast kritisk opp mot:

Nærskuleprinsippet, barnet sitt beste, inkludering og deltaking og CRPD og opplæringslova sine krav. Det er ikkje nok å visa til økonomi og rekrutterings-utfordringar. Ein må dokumentera at born sine rettar og læringsutbytte ikkje vert svekka.

Vedtak som innstilling frå Utval for levekår, 28.01.2026 - 06/26

1. Følgjande endringar i skule- og barnehagestrukturen på kort sikt 2026 - 2027 i tråd med hovuddokumentet, vert gjennomført i Voss herad:
 - a. Gjernes barnehage vert avvikla og flytta til Kløve barnehage ved nytt barnehageår, hausten 2026 (kap 4.1).
 - b. Rådmannen får oppdrag om å gå i vidare dialog og forhandlingar med FUS-kjeda i høve samanslåing av Sundve FUS- og Hauge barnehage, med plassering i dagens Sundve FUS barnehage (kap 4.2).
 - c. Hauge barnehage vert lagt ned frå hausten 2026, eller så snart som råd etter.
 - d. Det vert oppretta oppveksttun på Evanger, fortrinnsvis frå hausten 2026 eller når skulebygget er satt i stand, der Bolstad og Evanger barnehage vert teke inn i skulebygget på Evanger. Det vert samlokalisering i Evanger barnehage fram til skulen er gjort klar. Brakkene på Bolstad vert sagt opp og barnehage på Bolstad vert avvikla (4.3).
2. Følgjande endringar i skule- og barnehagestrukturen på lenger sikt 2027 - 2032 i tråd med hovuddokumentet, vert gjennomført i Voss herad:

- a. Bjørgum skule sine elevar i ungdomsskulealder, byrjar ved Granvin barne- og ungdomsskule frå 2029 (kap 5.1).
 - b. Forskrift om skulekrinsar i Voss herad vert endra i tråd med framlegg om endra kringsgrense for ungdomsskuleelevar i Bjørgumkrinsen, slik at dei byrjar på Granvin barne- og ungdomsskule ved nytt skuleår i 2029 (kap 5.1).
 - c. Rådmannen får oppdrag om å gå i gang med vidare detaljutgreiing av ny barneskule ved Voss idrettshall til 500 elevar. Eit nytt skulebygg skal sikra plass til elevar frå kringsgrensene til Gullfjordungen skule, Bulken skule og Vangen skule, samt den venta befolkningsveksten i sentrumskrinsane. Kringsrensa mellom noverande Vangen- og Gjernes skule, vert justert i tråd med framlegg i hovuddokumentet. Utgreiing av nytt skulebygg, skal sikra at me kan tilby elevar med store hjelpebehov eit tilrettelagt og forsterka skuletilbod. Økonomiske rammer for arbeidet vert å vedta i eigen sak, eller i økonomiplan (kap 5.2).
 - d. Forskrift om skulekrinsar i Voss herad vert endra i tråd med framlegg om endra kringsgrense for Gjernes og Vangen skule, og vert gjeldande frå nytt skuleår i 2027 (kap 5.2).
 - e. Rådmannen får oppdrag om å gå i gang med vidare utgreiing av ny barnehage i, eller i nærleiken av sentrum (kap 5.3).
3. Det skal utarbeidast ein plan for gjennomføring av kvart tiltak. Planen skal ivareta elevar, foreldre og tilsette i arbeidet med nedlegging, overføring og samanslåing av skular. Omstilling skal skje i tråd med kommunen sine rutinar.
 4. Gjennomføring av tiltak som krev investeringar skal prosjekterast, og den samla kostnaden for kvart prosjekt skal vedtakast av heradsstyret før oppstart. Finansiering av tiltaka blir ein del av økonomiplanarbeidet 2027-2030, og årsbudsjettet for 2027. Tiltak som fører til auka driftskostnader må innarbeidast i budsjett i løpet av budsjettåret.

Saksordførar i HST , Gry Bystøl Gladheim

Vedtak som innstilling frå Formannskapet, Plan og økonomi, 29.01.2026 - 05/26

Formannskap plan og økonomi tek rådmannen sitt framlegg til vitande.

Innspela frå repr. i FPL fylgjer saka vidare til heradsstyret:

Alternativ framlegg til vedtak frå SV og Ap v/Benedicte Kragh, Ap:

1. Følgjande endringar i skule- og barnehagestrukturen på kort sikt 2026 - 2027 i tråd med hovuddokumentet og heradsstyre sine merknadar, vert gjennomført i Voss herad:
 - a. Hagahaugen barnehage vert avvikla og flytta til Kløve barnehage ved nytt barnehageår, hausten 2026 (kap 4.1).
 - b. Rådmannen får i oppdrag om å gå i vidare dialog og forhandlingar med FUS-kjeda i høve barnehageetilbodet på Vossestrand. Heradsstyret ber om ei sak der ein vurderar barnehageetilbodet på Vossestrand, inkludert etablering av barnehage i det gamle skulebygget på Oppheim, overtaking og opprusting av Hauge og overtaking av Sundve FUS.
 - c. Evanger og Bolstad barnehage vert samlokalisert. Nedlegging/samanslåing skjer først når alternativt lokale er klart slik at ingen må flytta to gonger på kort tid.
 - d. Heradsstyre ber om ei sak om samanslåing av Evanger og Bulken barneskule, med lokasjon på Bulken. Alternativ kan vera utviding av dagens skulebygg eller nybygg på Eideshagen. Føremålet er å sikra ei robust barneskule eining i vest, som vil stå seg over tid.
2. Følgjande endringar i skule- og barnehagestrukturen på lenger sikt 2027 - 2032 i tråd med hovuddokumentet og heradsstyre sine merknadar, vert gjennomført i Voss herad:

- a. Bjørgum skule sine elevar i ungdomsskulealder, byrjar ved Granvin barne- og ungdomsskule frå 2029 (kap 5.1).
 - b. Forskrift om skulekrinsar i Voss herad vert endra i tråd med framlegg om endra kringsgrense for ungdomsskuleelevar i Bjørgumkrinsen, slik at dei byrjar på Granvin barne- og ungdomsskule ved nytt skuleår i 2029 (kap 5.1).
 - c. Rådmannen får oppdrag om å gå i gang med vidare utgreiing av ny barnehage i, eller i nærleiken av sentrum (kap 5.3). Heradsstyre ber om at Kløve vert inkludert i utgreiinga, samt etablering av utegrupper.
 - d. Rådmannen får oppdrag om å greia ut fleire alternativ til ny barneskule i nærleiken av sentrum. Alternativa skal inkludera både nybygg og bruk av eksisterande bygg/areal, og etablering av skule- og ressurscenter. Den nye strukturen i sentrum skal sikra plass til elevar frå kringsgrensene til Gullfjordungen skule, Gjernes skule og Vangen skule, samt den venta befolkningsveksten i sentrum. Heradsstyre ynskjer særleg at ein vurderar lokasjonar utanfor sentrumskjerna, samt opprusting av Gullfjordungen og Gjernes skule til å bli større einingar. Økonomiske rammer for arbeidet vert å vedta i eigen sak, eller i økonomiplan (kap 5.2).
 - e. Heradsstyre ber om ein ny sak om forskrift om skulekrinsar i Voss herad, når alternativ sak om skulestruktur ligg føre.
3. Det skal utarbeidast ein plan for gjennomføring av kvart tiltak. Planen skal ivareta elevar, foreldre og tilsette i arbeidet med nedlegging, overføring og samanslåing av skular. Omstilling skal skje i tråd med kommunen sine rutinar.
 4. Gjennomføring av tiltak som krev investeringar skal prosjekterast, og den samla kostnaden for kvart prosjekt skal vedtakast av heradsstyret før oppstart. Finansiering av tiltaka blir ein del av økonomiplanarbeidet 2027-2030, og årsbudsjettet for 2027. Tiltak som fører til auka driftskostnader må innarbeidast i budsjett i løpet av budsjettåret.

Alternativ framlegg frå H og V v/Irlil S. Johansen, H:

1. Følgjande endringar i skule- og barnehagestrukturen på kort sikt 2026 - 2027 i tråd med hovuddokumentet, skal greiast ut vidare, med mål om endeleg vedtak før påske:

a. Hagahaugen barnehage vert avvikla og flytta til Kløve barnehage ved nytt barnehageår, hausten 2026 (kap 4.1).

b. Rådmannen får oppdrag om å gå i vidare dialog og forhandlingar med FUS-kjeda i høve eventuell overtaking av Sundve FUS barnehage (kap 4.2).

c. Punkt om Hauge barnehage utgår.

d. Det vert oppretta oppveksttun på Evanger, fortrinnsvis frå hausten 2026 eller når skulebygget er satt i stand, der Evanger barnehage vert teke inn i skulebygget på Evanger. Brakkene på Bolstad vert sagt opp og barnehagen på Bolstad vert flytta inn i det gamle skulebygget på Bolstad, med moglegheit for at bygget også kan ha andre leigetakarar enn barnehagen for å sikra inntekt på bygget (4.3).

2. Følgjande endringar i skule- og barnehagestrukturen i Voss Herad på lenger sikt 2027 - 2032 i tråd med hovuddokumentet, skal greiast ut vidare:

a. Bjørgum skule sine elevar i ungdomsskulealder, byrjar ved Granvin barne- og ungdomsskule frå 2029 (kap 5.1), dersom det ikkje er ledig kapasitet ved Voss ungdomsskule. Elevar frå Bjørgum som ynskjer det, får høve til å velja Granvin ungdomsskule allereie hausten 2026.

b. Forskrift om skulekrinsar i Voss herad vert ved behov endra i tråd med framlegg om endra kringsgrense for ungdomsskuleelevar i Bjørgumkrinsen, slik at dei kan byrja på Granvin barne- og ungdomsskule ved nytt skuleår i 2029 (kap 5.1).

c. Vangen, Gullfjordungen, Gjernes og Skulestad skular vert samla i ein felles skulekrins, med mål om optimalt elevtal i kvar klasse (sjå nærare forklaring under).

d. Forskrift om skulekrinsar i Voss herad vert endra i tråd med framlegg i punkt 2c.

e. Rådmannen får oppdrag om å gå i gang med vidare utgreiing av ny barnehage i, eller i nærleiken av sentrum (kap 5.3). Eit mogleg tiltak på kort sikt kan vera etablering av ei eller fleire barnehageavdelingar for dei eldste borna etter same modell som naturbarnehagane, der ein har ein mindre base for levering/henting, og nyttar eksisterande fasilitetar som symjeanlegg, idrettsanlegg, kulturhus, gondol og Prestegardsmoen til dei daglege aktivitetane. Eigna lokale for base kan vera øvste etasje i symjeanlegget.

f. Alternativet med omgjerding av dagens Voss ungdomsskule til barneskule, og etablering av ny ungdomsskule utanfor sentrum, skal greiast ut vidare dersom kommunen har økonomi til å gjennomføre investeringar av denne storleiken. Sal av tomt og bygg tilhøyrande dagens Vangen skule kan gå inn som del av finansieringsplan.

3. Det skal utarbeidast ein plan for gjennomføring av kvart tiltak. Planen skal ivareta elevar, foreldre og tilsette i arbeidet med nedlegging, overføring og samanslåing av skular. Omstilling skal skje i tråd med kommunen sine rutinar.

4. Gjennomføring av tiltak som krev investeringar skal prosjekterast, og den samla kostnaden for kvart prosjekt skal vedtakast av heradsstyret før oppstart. Finansiering av tiltaka blir ein del av økonomiplanarbeidet 2027-2030, og årsbudsjettet for 2027. Tiltak som fører til auka driftskostnader må innarbeidast i budsjett i løpet av budsjettåret.

Kommentar til felles skulekrins med fleire skular og felles fordeling

I staden for å fysisk samla hundrevis av born i eitt og same skulebygg, kan me samla dei i ein og same skulekrins, som til dømes ein felles skulekrins for sentrumsområdet. Ved inntak til fyrste klasse, kan ein då få større fleksibilitet, ved at klassane kan fyllast både etter kapasitet og etter avstand. Eleven får skuleplass ved ein av skulane i krinsen, og kan gå heile barneskuleløpet der. Resultatet kan verta at me slepp å leggja ned skular, men at me likevel får færre klassar totalt sett på det einskilde trinnet. Det er ikkje sikkert at det vert starta opp ein fyrsteklasse ved kvar skule, kvart år, men me kan få eit smidigare system med gode moglegheiter for optimal drift.

Tilsvarende organisering er tidlegare først og fremst nytta i større byar, der det er mange sentrumsskular med kort avstand imellom.

Løysinga krev truleg ingen investeringar, berre organisatoriske endringar. Det kan gje grunnlag for ei jamnare fordeling av lærarressursane per elevgruppe, og lågare driftskostnader. Dermed kan me også få betre tid til å landa best mogleg langsiktige løysingar for vegen vidare.

Endringar barnehage- og skulestruktur frå Sp v/Samson Hamre:

1. Følgjande endringar i skule- og barnehagestrukturen på kort sikt 2026 - 2027 i tråd med hovuddokumentet, vert gjennomført i Voss herad:

a. Gjernes barnehage vert avvikla og flytta til Kløve barnehage ved nytt barnehageår, hausten 2026 (kap 4.1).

- b. Rådmannen får i oppdrag om å byggja barnehage og aktivitetshus i skulebygget på Oppheim. Fleksible rom til lag/organisasjonar. Dersom FUS legg ned kan ein samla alle barnehageborn på Oppheim.
- c. Hauge barnehage vert lagt ned når barnehage på Oppheim står klar.
- d. Det vert samlokalisering i Bolstad barnehage frå hausten 2026 fram til barnehage i det gamle skulebygget på Bolstad står klart. Brakkene på Bolstad vert sagt opp når bygget står klart og barnehage på Evanger vert avvikla.

2. Følgjande endringar i skule- og barnehagestrukturen på lenger sikt 2027 - 2032 i tråd med hovuddokumentet, vert gjennomført i Voss herad:

- a. Bjørgum skule sine elevar i ungdomsskulealder, byrjar ved Granvin barne- og ungdomsskule frå 2029 (kap 5.1).
 - b. Forskrift om skulekrinsar i Voss herad vert endra i tråd med framlegg om endra kringsgrense for ungdomsskuleelevar i Bjørgumkrinsen, slik at dei byrjar på Granvin barne- og ungdomsskule ved nytt skuleår i 2029 (kap 5.1).
 - c. Rådmannen får oppdrag om å gå i gang med vidare utgreiing av ny barneskule i, eller i nærleiken av sentrum til 400 elevar. Eit nytt skulebygg skal sikra plass til elevar frå kringsgrensene til Gullfjordingen skule og Vangen skule, samt den venta befolkningsveksten i sentrumskrinsane. Kringsgrensa mellom noverande Vangen- og Gjernes skule, vert justert i tråd med framlegg i hovuddokumentet. Utgreiing av nytt skulebygg, skal sikra at me kan tilby elevar med store hjelpebehov eit tilrettelagt og forsterka skuletilbod. Økonomiske rammer for arbeidet vert å vedta i eigen sak, eller i økonomiplan (kap 5.2). Fleire alternativ skal utgreiast. (gode forslag?) Ein skal òg sjå på om det er mogleg å løysa utfordringane med eksisterande skular og kringsgrensejusteringar.
 - d. Forskrift om skulekrinsar i Voss herad vert endra i tråd med framlegg om endra kringsgrense for Gjernes og Vangen skule, og vert gjeldande frå nytt skuleår i 2027 kap 5.2).
 - e. Rådmannen får oppdrag om å gå i gang med vidare utgreiing av ny barnehage i, eller i nærleiken av sentrum (kap 5.3). Fleire alternativ skal utgreiast. (Nyre t.d., fleire?)
3. Det skal utarbeidast ein plan for gjennomføring av kvart tiltak. Planen skal ivareta elevar, foreldre og tilsette i arbeidet med nedlegging, overføring og samanslåing av skular. Omstilling skal skje i tråd med kommunen sine rutinar.
4. Gjennomføring av tiltak som krev investeringar skal prosjekterast, og den samla kostnaden for vart prosjekt skal vedtakast av heradsstyret før oppstart. Finansiering av tiltaka blir ein del av økonomiplanarbeidet 2027-2030, og årsbudsjettet for 2027. Tiltak som fører til auka driftskostnader må innarbeidast i budsjett i løpet av budsjettåret.
5. Råd, utval og formannskap skal involverast i utgreiing for ny barnehage og ny barneskule i eller i nærleiken av sentrum gjennom arbeidsverkstadar.

Saksordførar Gry Bystøl Gladheim frå Utval for levekår

Råd for menneske med nedsett funksjonsevne 26.01.2026

Handsaming

Rådet røysta over tilleggsmerknader, samrøystes vedteke med 5 røyster.

Rådet røysta over rådmannen sitt opprinnelege framlegg til vedtak med merknader frå rådet, samrøystes vedteke med 5 røyster.

1. Følgjande endringar i skule- og barnehagestrukturen på kort sikt 2026 - 2027 i tråd med hovuddokumentet, vert gjennomført i Voss herad:
 - a. Gjernes barnehage vert avvikla og flytta til Kløve barnehage ved nytt barnehageår, hausten 2026 (kap 4.1).
 - b. Rådmannen får oppdrag om å gå i vidare dialog og forhandlingar med FUS-kjeda i høve samanslåing av Sundve FUS- og Hauge barnehage, med plassering i dagens Sundve FUS barnehage (kap 4.2).
 - c. Hauge barnehage vert lagt ned frå hausten 2026, eller så snart som råd etter.
 - d. Det vert oppretta oppveksttun på Evanger, fortrinnsvis frå hausten 2026 eller når skulebygget er satt i stand, der Bolstad og Evanger barnehage vert teke inn i skulebygget på Evanger. Det vert samlokalisering i Evanger barnehage fram til skulen er gjort klar. Brakkene på Bolstad vert sagt opp og barnehage på Bolstad vert avvikla (4.3).
2. Følgjande endringar i skule- og barnehagestrukturen på lenger sikt 2027 - 2032 i tråd med hovuddokumentet, vert gjennomført i Voss herad:
 - a. Bjørgum skule sine elevar i ungdomsskulealder, byrjar ved Granvin barne- og ungdomsskule frå 2029 (kap 5.1).
 - b. Forskrift om skulekrinsar i Voss herad vert endra i tråd med framlegg om endra krinsgrense for ungdomsskuleelevar i Bjørgumkrinsen, slik at dei byrjar på Granvin barne- og ungdomsskule ved nytt skuleår i 2029 (kap 5.1).
 - c. Rådmannen får oppdrag om å gå i gang med vidare detaljutgreiing av ny barneskule ved Voss idrettshall til 500 elevar. Eit nytt skulebygg skal sikra plass til elevar frå krinsgrensene til Gullfjordungen skule, Bulken skule og Vangen skule, samt den venta befolkningsveksten i sentrumskrinsane. Krinsgrensa mellom noverande Vangen- og Gjernes skule, vert justert i tråd med framlegg i hovuddokumentet. Utgreiing av nytt skulebygg, skal sikra at me kan tilby elevar med store hjelpebehov eit tilrettelagt og forsterka skuletilbod. Økonomiske rammer for arbeidet vert å vedta i eigen sak, eller i økonomiplan (kap 5.2).
 - d. Forskrift om skulekrinsar i Voss herad vert endra i tråd med framlegg om endra krinsgrense for Gjernes og Vangen skule, og vert gjeldande frå nytt skuleår i 2027 (kap 5.2).
 - e. Rådmannen får oppdrag om å gå i gang med vidare utgreiing av ny barnehage i, eller i nærleiken av sentrum (kap 5.3).
3. Det skal utarbeidast ein plan for gjennomføring av kvart tiltak. Planen skal ivareta elevar, foreldre og tilsette i arbeidet med nedlegging, overføring og samanslåing av skular. Omstilling skal skje i tråd med kommunen sine rutinar.
4. Gjennomføring av tiltak som krev investeringar skal prosjekterast, og den samla kostnaden for kvart prosjekt skal vedtakast av heradsstyret før oppstart. Finansiering av tiltaka blir ein del av økonomiplanarbeidet 2027-2030, og årsbudsjettet for 2027. Tiltak som fører til auka driftskostnader må innarbeidast i budsjett i løpet av budsjettåret.

Merknader frå RMMNF:

1.CRPD, FN-konvensjonen for menneske med nedsett funksjonsevne:

CRPD slår fast retten til inkluderande opplæring og til å delta i nærmiljøet. Store einingar kan gje betre tilgang til spesialkompetanse, men kan utfordra prinsippet om inkludering om barnet må flytta langt frå nærmiljøet.

Det er ein risiko for at born med funksjonsvariasjon kan oppleve segregasjon eller lange reisevegar, som kan påverka sosial deltaking og trivsel.

2. Ny opplæringslov:

Lova styrkar retten til tilpassa opplæring og krav til psykososialt læringsmiljø. Nærskuleprinsippet er sentralt. Barnet har rett til å gå på skule i sitt nærmiljø, med mindre særlege grunnar tilseier noko anna. Store einingar kan utfordra dette prinsippet om dei erstattar lokale skular.

3. Psykososialt læringsmiljømiljø:

Store fagmiljø kan gje betre ressursar for spesialpedagogikk og støtte.

Samstundes kan store einingar føra til anonymitet og mindre oversikt, noko som kan svekka tryggleik og relasjonar.

4. Tilpassa opplæring og krav til utbytte:

Større fagmiljø kan gje betre kompetanse og spesialpedagogiske ressursar. Men, tilpassa opplæring handlar ikkje berre om fagkompetanse, men og om nærleik, relasjonar og kontinuitet.

Transporttid og mindre fleksibilitet er ein risiko for redusert utbytte for enkelte born.

5. Barn sine rettar:

Barnekonvensjonen og norsk lov krev at born sitt beste skal vera styrande. Born skal høyrast i saker som gjeld dei og dette må vera ein del av planlegginga.

Oppsummering:

Ei løysing med store einingar kan ha faglege og økonomiske fordelar, men må vurdrast kritisk opp mot:

Nærskuleprinsippet, barnet sitt beste, inkludering og deltaking og CRPD og opplæringslova sine krav.

Det er ikkje nok å visa til økonomi og rekrutterings-utfordringar. Ein må dokumentera at born sine rettar og læringsutbytte ikkje vert svekka.

Innvandrarråd 26.01.2026

Handsaming

Endringsframlegg - 05/26 Endeleg handsaming - Ein barnehage og skule for framtida, struktur 2026 - 2045, foreslått av Nicole Anne Fraser Dube, Innvandrarråd

Innvandrarrådet forstår behovet for innsparing.

Desse punkt er viktig for innvandrarrådet når det gjelder skulestrukturen:

- Barnehager og skuler i nærområdet til der ein bur (gang- og sykkelavstand). Barnehagar og skular i nærområdet bygger nettverk og fellesskap. Nettverk og tilhøyrseil er ekstra viktig når ein er ny i landet. Nettverk førar til betre beredskap. Skule og barnehage i gang- eller sykkelavstand er helsefremmande og er i tråd med andre gjeldande planar i Voss herad. Mange innvandrarak har utfordringar med å få sertifikat og har ikkje tilgang til bil.

- Skular av middelsstørrelse er å foretrekker for integrering i motsetning til større skular (ynskjer færre av same språkbakgrunn i same klasse. Innvandrarrådet opplever at det fører til betre norsk språkopplæring)
- Innvandrarrådet er uroleg for sentralisering av skular og barnehagar. Innv. fryktar at det vil føre til mange uføreselige konsekvensar når det gjeld transport (skuleskyss rettar gjeld ikkje barnehage og fritidstilbod). Grunna sentralisering fryktar innv. at sentrumsnære bustadar får økt bustad- og leigeprisar og dette kan føre til større klasseskiller på Voss.

Samrøystes vedteke.

INV - 05/26 Vedtak

Innvandrarrådet forstår behovet for innsparing.

Desse punkt er viktig for innvandrarrådet når det gjelder skulestrukturen:

- Barnehager og skuler i nærområdet til der ein bur (gang- og sykkelavstand). Barnehagar og skular i nærområdet bygger nettverk og fellesskap. Nettverk og tilhøyrse er ekstra viktig når ein er ny i landet. Nettverk førar til betre beredskap. Skule og barnehage i gang- eller sykkelavstand er helsefremmande og er i tråd med andre gjeldande planar i Voss herad. Mange innvandrarar har utfordringar med å få sertifikat og har ikkje tilgang til bil.
- Skular av middelsstørrelse er å foretrekker for integrering i motsetning til større skular (ynskjer færre av same språkbakgrunn i same klasse. Innvandrarrådet opplever at det fører til betre norsk språkopplæring)
- Innvandrarrådet er uroleg for sentralisering av skular og barnehagar. Innv. fryktar at det vil føre til mange uføreselige konsekvensar når det gjeld transport (skuleskyss rettar gjeld ikkje barnehage og fritidstilbod). Grunna sentralisering fryktar innv. at sentrumsnære bustadar får økt bustad- og leigeprisar og dette kan føre til større klasseskiller på Voss.

Ungdomsrådet 26.01.2026

Handsaming

Emil syns ein bør sjå vidare på andre mogelegheiter i sentrum før ein vedtar å bygga på arealet med camping.

Håkon syns ungdomsrådet ikkje bør støtta planen slik den ligg no. Håkon syns heradet bør sjå på nytt på mogelegheiter i Tvildemoen.

Elion syns heller ikkje ungdomsrådet bør støtta planen slik den er no, og meiner me ikkje bør flytta Bulken og Gullfjordingen.

Gard trur forslaget kan bli bra.

Hilda syns ikkje alle skular bør samlast på Vangen, heradet bør halda liv i bygdene. Spesielt Bulken.

Samrøystes vedteke.

UNG - 04/26 Vedtak

Ungdomsrådet støttar ikkje saka slik den ligg føre no. Ungdomsrådet ber heradsstyret om å sjå på følgande punkt:

Punkt 1b. og c.

Ungdomsrådet syns ein bør sjå vidare på andre mogelegheiter i sentrum før ein vedtar å bygga på

arealet med campingen.

Ungdomsrådet syns heradsstyret bør sjå på nytt på mogelegheiter i Tvildemoen og Gjernesmoen.

Ungdomsrådet meiner me ikkje bør flytta Bulken, men at Gullfjordingen kan heradsstyret vurdere.

Ungdomsrådet syns ikkje alle skular bør samlast på Vangen, heradet bør halda liv i bygdene.

Utval for levekår 28.01.2026

Handsaming

Alternativt framlegg til vedtak (SV og AP), foreslått av Gry Bystøl Gladheim , Sosialistisk venstreparti

Alternativ framlegg til vedtak (Ap og SV):

1. Følgjande endringar i skule- og barnehagestrukturen på kort sikt 2026 - 2027 i tråd med hovuddokumentet og heradsstyre sine merknadar, vert gjennomført i Voss herad:

A. Hagahaugen barnehage vert avvikla og flytta til Kløve barnehage ved nytt barnehageår, hausten 2026 (kap 4.1).

B. Rådmannen får i oppdrag om å gå i vidare dialog og forhandlingar med FUS-kjeda i høve barnehagetilbodet på Vossestrand. Heradsstyret ber om ei sak der ein vurderar barnehagetilbodet på Vossestrand, inkludert etablering av barnehage i det gamle skulebygget på Oppheim, overtaking og opprusting av Hauge og overtaking av Sundve FUS.

C. Evanger og Bolstad barnehage vert samlokalisert. Nedlegging/samanslåing skjer først når alternativt lokale er klart slik at ingen må flytta to gonger på kort tid.

D. Heradsstyre ber om ei sak om samanslåing av Evanger og Bulken barneskule, med lokasjon på Bulken. Alternativ kan vera utviding av dagens skulebygg eller nybygg på t.d. Eideshagen. Føremålet er å sikra ei robust barneskule eining i vest, som vil stå seg over tid.

2. Følgjande endringar i skule- og barnehagestrukturen på lenger sikt 2027 - 2032 i tråd med hovuddokumentet og heradsstyre sine merknadar, vert gjennomført i Voss herad:

A. Bjørgum skule sine elevar i ungdomsskulealder, byrjar ved Granvin barne- og ungdomsskule frå 2029 (kap 5.1).

B. Forskrift om skulekrinsar i Voss herad vert endra i tråd med framlegg om endra krinsgrense for ungdomsskuleelevar i Bjørgumkrinsen, slik at dei byrjar på Granvin barne- og ungdomsskule ved nytt skuleår i 2029 (kap 5.1).

C. Rådmannen får oppdrag om å gå i gang med vidare utgreiing av ny barnehage i, eller i nærleiken av sentrum (kap 5.3). Heradsstyre ber om at Kløve vert inkludert i utgreiinga, samt etablering av utegrupper.

D. Rådmannen får oppdrag om å greia ut fleire alternativ til ny barneskule i nærleiken av sentrum. Alternativa skal inkludera både nybygg og bruk av eksisterande bygg/areal, og etablering av skule- og ressurscenter. Den nye strukturen i sentrum skal sikra plass til elevar frå krinsgrensene til Gullfjordingen skule, Gjernes skule og Vangen skule, samt den venta befolkningsveksten i sentrum. Heradsstyre ynskjer særleg at ein vurderar lokasjonar utanfor sentrumskjerna, samt opprusting av Gullfjordingen og Gjernes skule til å bli større einingar. Økonomiske rammer for arbeidet vert å vedta i eigen sak, eller i økonomiplan (kap 5.2).

E. Heradsstyre ber om ein ny sak om forskrift om skulekrinsar i Voss herad, når alternativ sak om skulestruktur ligg føre.

3. Det skal utarbeidast ein plan for gjennomføring av kvart tiltak. Planen skal ivareta elevar, foreldre og tilsette i arbeidet med nedlegging, overføring og samanslåing av skular. Omstilling skal skje i tråd med kommunen sine rutinar.

4. Gjennomføring av tiltak som krev investeringar skal prosjekterast, og den samla kostnaden for kvart prosjekt skal vedtakast av heradsstyret før oppstart. Finansiering av tiltaka blir ein del av økonomiplanarbeidet 2027-2030, og årsbudsjettet for 2027. Tiltak som fører til auka driftskostnader må innarbeidast i budsjett i løpet av budsjettåret.

Utval for levekår røysta over alternativt framlegg frå AP og SV, fremja av Gry Bystøl Gladheim, opp mot rådmann sitt framlegg.

Rådmann sitt framlegg til vedtak vart vedteke med 5 mot 3 røyster (Norunn R Bidne, Gry Bystøl Gladheim og May Røssland)

LEV - 06/26 Vedtak

1. Følgjande endringar i skule- og barnehagestrukturen på kort sikt 2026 - 2027 i tråd med hovuddokumentet, vert gjennomført i Voss herad:
 - a. Gjernes barnehage vert avvikla og flytta til Kløve barnehage ved nytt barnehageår, hausten 2026 (kap 4.1).
 - b. Rådmannen får oppdrag om å gå i vidare dialog og forhandlingar med FUS-kjeda i høve samanslåing av Sundve FUS- og Hauge barnehage, med plassering i dagens Sundve FUS barnehage (kap 4.2).
 - c. Hauge barnehage vert lagt ned frå hausten 2026, eller så snart som råd etter.
 - d. Det vert oppretta oppveksttun på Evanger, fortrinnsvis frå hausten 2026 eller når skulebygget er satt i stand, der Bolstad og Evanger barnehage vert teke inn i skulebygget på Evanger. Det vert samlokalisering i Evanger barnehage fram til skulen er gjort klar. Brakkene på Bolstad vert sagt opp og barnehage på Bolstad vert avvikla (4.3).
2. Følgjande endringar i skule- og barnehagestrukturen på lenger sikt 2027 - 2032 i tråd med hovuddokumentet, vert gjennomført i Voss herad:
 - a. Bjørgum skule sine elevar i ungdomsskulealder, byrjar ved Granvin barne- og ungdomsskule frå 2029 (kap 5.1).
 - b. Forskrift om skulekrinsar i Voss herad vert endra i tråd med framlegg om endra kringsgrense for ungdomsskuleelevar i Bjørgumkrinsen, slik at dei byrjar på Granvin barne- og ungdomsskule ved nytt skuleår i 2029 (kap 5.1).
 - c. Rådmannen får oppdrag om å gå i gang med vidare detaljutgreiing av ny barneskule ved Voss idrettshall til 500 elevar. Eit nytt skulebygg skal sikra plass til elevar frå kringsgrensene til Gullfjordungen skule, Bulken skule og Vangen skule, samt den venta befolkningsveksten i sentrumskrinsane. Kringsgrensa mellom noverande Vangen- og Gjernes skule, vert justert i tråd med framlegg i hovuddokumentet. Utgreiing av nytt skulebygg, skal sikra at me kan tilby elevar med store hjelpebehov eit tilrettelagt og forsterka skuletilbod. Økonomiske rammer for arbeidet vert å vedta i eigen sak, eller i økonomiplan (kap 5.2).
 - d. Forskrift om skulekrinsar i Voss herad vert endra i tråd med framlegg om endra kringsgrense for Gjernes og Vangen skule, og vert gjeldande frå nytt skuleår i 2027 (kap 5.2).
 - e. Rådmannen får oppdrag om å gå i gang med vidare utgreiing av ny barnehage i, eller i nærleiken av sentrum (kap 5.3).
3. Det skal utarbeidast ein plan for gjennomføring av kvart tiltak. Planen skal ivareta elevar, foreldre og tilsette i arbeidet med nedlegging, overføring og samanslåing av skular. Omstilling skal skje i tråd med kommunen sine rutinar.

4. Gjennomføring av tiltak som krev investeringar skal prosjekterast, og den samla kostnaden for kvart prosjekt skal vedtakast av heradsstyret før oppstart. Finansiering av tiltaka blir ein del av økonomiplanarbeidet 2027-2030, og årsbudsjettet for 2027. Tiltak som fører til auka driftskostnader må innarbeidast i budsjett i løpet av budsjettåret.

Saksordførar i HST , Gry Bystøl Gladheim

Formannskapet, Plan og økonomi 29.01.2026

Handsaming

Alternativ framlegg til vedtak, foreslått av Benedicte Kragh, Arbeiderpartiet

1. Følgjande endringar i skule- og barnehagestrukturen på kort sikt 2026 - 2027 i tråd med hovuddokumentet og heradsstyre sine merknadar, vert gjennomført i Voss herad:
 - a. Hagahaugen barnehage vert avvikla og flytta til Kløve barnehage ved nytt barnehageår, hausten 2026 (kap 4.1).
 - b. Rådmannen får i oppdrag om å gå i vidare dialog og forhandlingar med FUS-kjeda i høve barnehagestilbodet på Vossestrand. Heradsstyret ber om ei sak der ein vurderar barnehagestilbodet på Vossestrand, inkludert etablering av barnehage i det gamle skulebygget på Oppheim, overtaking og opprusting av Hauge og overtaking av Sundve FUS.
 - c. Evanger og Bolstad barnehage vert samlokalisert. Nedlegging/samanslåing skjer først når alternativt lokale er klart slik at ingen må flytta to gonger på kort tid.
 - d. Heradsstyre ber om ei sak om samanslåing av Evanger og Bulken barneskule, med lokasjon på Bulken. Alternativ kan vera utviding av dagens skulebygg eller nybygg på Eideshagen. Føremålet er å sikra ei robust barneskule eining i vest, som vil stå seg over tid.
2. Følgjande endringar i skule- og barnehagestrukturen på lenger sikt 2027 - 2032 i tråd med hovuddokumentet og heradsstyre sine merknadar, vert gjennomført i Voss herad:
 - a. Bjørgum skule sine elevar i ungdomsskulealder, byrjar ved Granvin barne- og ungdomsskule frå 2029 (kap 5.1).
 - b. Forskrift om skulekrinsar i Voss herad vert endra i tråd med framlegg om endra krinsgrense for ungdomsskuleelevar i Bjørgumkrinsen, slik at dei byrjar på Granvin barne- og ungdomsskule ved nytt skuleår i 2029 (kap 5.1).
 - c. Rådmannen får oppdrag om å gå i gang med vidare utgreiing av ny barnehage i, eller i nærleiken av sentrum (kap 5.3). Heradsstyre ber om at Kløve vert inkludert i utgreiinga, samt etablering av utegrupper.
 - d. Rådmannen får oppdrag om å greia ut fleire alternativ til ny barneskule i nærleiken av sentrum. Alternativa skal inkludera både nybygg og bruk av eksisterande bygg/areal, og etablering av skule- og ressurscenter. Den nye strukturen i sentrum skal sikra plass til elevar frå krinsgrensene til Gullfjordungen skule, Gjernes skule og Vangen skule, samt den venta befolkningsveksten i sentrum. Heradsstyre ynskjer særleg at ein vurderar lokasjonar utanfor sentrumskjerna, samt opprusting av Gullfjordungen og Gjernes skule til å bli større einingar. Økonomiske rammer for arbeidet vert å vedta i eigen sak, eller i økonomiplan (kap 5.2).
 - e. Heradsstyre ber om ein ny sak om forskrift om skulekrinsar i Voss herad, når alternativ sak om skulestruktur ligg føre.
3. Det skal utarbeidast ein plan for gjennomføring av kvart tiltak. Planen skal ivareta elevar, foreldre og tilsette i arbeidet med nedlegging, overføring og samanslåing av skular. Omstilling

skal skje i tråd med kommunen sine rutinar.

4. Gjennomføring av tiltak som krev investeringar skal prosjekterast, og den samla kostnaden for kvart prosjekt skal vedtakast av heradsstyret før oppstart. Finansiering av tiltaka blir ein del av økonomiplanarbeidet 2027-2030, og årsbudsjettet for 2027. Tiltak som fører til auka driftskostnader må innarbeidast i budsjett i løpet av budsjettåret.

Alternativ framlegg frå H og V, foreslått av Iril Kirstine Schau Johansen, Høgre

1. Følgjande endringar i skule- og barnehagestrukturen på kort sikt 2026 - 2027 i tråd med hovuddokumentet, skal greiast ut vidare, med mål om endeleg vedtak før påske:

a. Hagahaugen barnehage vert avvikla og flytta til Kløve barnehage ved nytt barnehageår, hausten 2026 (kap 4.1).

b. Rådmannen får oppdrag om å gå i vidare dialog og forhandlingar med FUS-kjeda i høve eventuell overtaking av Sundve FUS barnehage (kap 4.2).

c. Punkt om Hauge barnehage utgår.

d. Det vert oppretta oppveksttun på Evanger, fortrinnsvis frå hausten 2026 eller når skulebygget er satt i stand, der Evanger barnehage vert teke inn i skulebygget på Evanger. Brakkene på Bolstad vert sagt opp og barnehagen på Bolstad vert flytta inn i det gamle skulebygget på Bolstad, med moglegheit for at bygget også kan ha andre leigetakarar enn barnehagen for å sikra inntekt på bygget (4.3).

2. Følgjande endringar i skule- og barnehagestrukturen i Voss Herad på lenger sikt 2027 - 2032 i tråd med hovuddokumentet, skal greiast ut vidare:

a. Bjørgum skule sine elevar i ungdomsskulealder, byrjar ved Granvin barne- og ungdomsskule frå 2029 (kap 5.1), dersom det ikkje er ledig kapasitet ved Voss ungdomsskule. Elevar frå Bjørgum som ynskjer det, får høve til å velja Granvin ungdomsskule allereie hausten 2026.

b. Forskrift om skulekrinsar i Voss herad vert ved behov endra i tråd med framlegg om endra krinsgrense for ungdomsskuleelevar i Bjørgumkrinsen, slik at dei kan byrja på Granvin barne- og ungdomsskule ved nytt skuleår i 2029 (kap 5.1).

c. Vangen, Gullfjordingen, Gjernes og Skulestad skular vert samla i ein felles skulekrins, med mål om optimalt elevtal i kvar klasse (sjå nærare forklaring under).

d. Forskrift om skulekrinsar i Voss herad vert endra i tråd med framlegg i punkt 2c.

e. Rådmannen får oppdrag om å gå i gang med vidare utgreiing av ny barnehage i,

eller i nærleiken av sentrum (kap 5.3). Eit mogleg tiltak på kort sikt kan vera etablering av ei eller fleire barnehageavdelingar for dei eldste borna etter same modell som naturbarnehagane, der ein har ein mindre base for levering/henting, og nyttar eksisterande fasilitetar som symjeanlegg, idrettsanlegg, kulturhus, gondol og Prestegardsmoen til dei daglege aktivitetane. Eigna lokale for base kan vera øvste etasje i symjeanlegget.

f. Alternativet med omgjerding av dagens Voss ungdomsskule til barneskule, og etablering av ny ungdomsskule utanfor sentrum, skal greiast ut vidare dersom kommunen har økonomi til å gjennomføre investeringar av denne storleiken. Sal av tomt og bygg tilhøyrande dagens Vangen skule kan gå inn som del av finansieringsplan.

3. Det skal utarbeidast ein plan for gjennomføring av kvart tiltak. Planen skal ivareta elevar, foreldre og tilsette i arbeidet med nedlegging, overføring og samanslåing av skular. Omstilling skal skje i tråd med kommunen sine rutinar.

4. Gjennomføring av tiltak som krev investeringar skal prosjekterast, og den samla kostnaden for kvart prosjekt skal vedtakast av heradsstyret før oppstart. Finansiering av tiltaka blir ein del av økonomiplanarbeidet 2027-2030, og årsbudsjettet for 2027. Tiltak som fører til auka driftskostnader må innarbeidast i budsjett i løpet av budsjettåret.

Kommentar til felles skulekrins med fleire skular og felles fordeling

I staden for å fysisk samla hundrevis av born i eitt og same skulebygg, kan me samla dei i ein og same skulekrins, som til dømes ein felles skulekrins for sentrumsområdet. Ved inntak til fyrste klasse, kan ein då få større fleksibilitet, ved at klassane kan fyllast både etter kapasitet og etter avstand. Eleven får skuleplass ved ein av skulane i krinsen, og kan gå heile barneskuleløpet der. Resultatet kan verta at me slepp å leggja ned skular, men at me likevel får færre klassar totalt sett på det einskilde trinnet. Det er ikkje sikkert at det vert starta opp ein fyrsteklasse ved kvar skule, kvart år, men me kan få eit smidigare system med gode moglegheiter for optimal drift.

Tilsvarande organisering er tidlegare først og fremst nytta i større byar, der det er mange sentrumsskular med kort avstand imellom.

Løysinga krev truleg ingen investeringar, berre organisatoriske endringar. Det kan gje grunnlag for ei jamnare fordeling av lærarressursane per elevgruppe, og lågare driftskostnader. Dermed kan me også få betre tid til å landa best mogleg langsiktige løysingar for vegen vidare.

SP Endringar barnehage -og skulestruktur, foreslått av Samson Hamre, Senterpartiet

1. Følgjande endringar i skule- og barnehagestrukturen på kort sikt 2026 - 2027 i tråd med hovuddokumentet, vert gjennomført i Voss herad:

a. Gjernes barnehage vert avvikla og flytta til Kløve barnehage ved nytt barnehageår, hausten 2026 (kap 4.1).

b. Rådmannen får i oppdrag om å byggja barnehage og aktivitetshus i skulebygget på Oppheim. Fleksible rom til lag/organisasjonar. Dersom FUS legg ned kan ein samla alle barnehageborn på Oppheim.

c. Hauge barnehage vert lagt ned når barnehage på Oppheim står klar.

d. Det vert samlokalisering i Bolstad barnehage frå hausten 2026 fram til barnehage i det gamle skulebygget på Bolstad står klart. Brakkene på Bolstad vert sagt opp når bygget står klart og barnehage på Evanger vert avvikla.

2. Følgjande endringar i skule- og barnehagestrukturen på lenger sikt 2027 - 2032 i tråd med hovuddokumentet, vert gjennomført i Voss herad:

a. Bjørgum skule sine elevar i ungdomsskulealder, byrjar ved Granvin barne- og ungdomsskule frå 2029 (kap 5.1).

b. Forskrift om skulekrinsar i Voss herad vert endra i tråd med framlegg om endra kringsgrense for ungdomsskuleelevar i Bjørgumkrinsen, slik at dei byrjar på Granvin barne- og ungdomsskule ved nytt skuleår i 2029 (kap 5.1).

c. Rådmannen får oppdrag om å gå i gang med vidare utgreiing av ny barneskule i, eller i nærleiken av sentrum til 400 elevar. Eit nytt skulebygg skal sikra plass til elevar frå kringsgrensene til Gullfjordingen skule og Vangen skule, samt den venta befolkningsveksten i sentrumskrinsane. Kringsgrensa mellom noverande Vangen- og Gjernes skule, vert justert i tråd med framlegg i hovuddokumentet. Utgreiing av nytt skulebygg, skal sikra at me kan tilby elevar med store hjelpebehov eit tilrettelagt og forsterka skuletilbod. Økonomiske rammer for arbeidet vert å vedta i eigen sak, eller i økonomiplan (kap 5.2). Fleire alternativ skal utgreiast. (gode forslag?) Ein skal òg sjå på om det er mogleg å løysa utfordringane med eksisterande skular og kringsgrensejusteringar.

d. Forskrift om skulekrinsar i Voss herad vert endra i tråd med framlegg om endra kringsgrense for Gjernes og Vangen skule, og vert gjeldande frå nytt skuleår i 2027 kap 5.2).

e. Rådmannen får oppdrag om å gå i gang med vidare utgreiing av ny barnehage i, eller i nærleiken av sentrum (kap 5.3). Fleire alternativ skal utgreiast. (Nyre t.d., fleire?)

3. Det skal utarbeidast ein plan for gjennomføring av kvart tiltak. Planen skal ivareta elevar, foreldre og tilsette i arbeidet med nedlegging, overføring og samanslåing av skular. Omstilling skal skje i tråd med kommunen sine rutinar.

4. Gjennomføring av tiltak som krev investeringar skal prosjekterast, og den samla kostnaden for vart prosjekt skal vedtakast av heradsstyret før oppstart. Finansiering av tiltaka blir ein del av økonomiplanarbeidet 2027-2030, og årsbudsjettet for 2027. Tiltak som fører til auka driftskostnader må innarbeidast i budsjett i løpet av budsjettåret.

5. Råd, utval og formannskap skal involverast i utgreiing for ny barnehage og ny barneskule i eller i nærleiken av sentrum gjennom arbeidsverkstadar.

Formannskap, plan og økonomi tek rådmannen sitt framlegg til vitande, samrøystes vedteke.

Innpela frå repr. i FPL fylgjer saka vidare til heradsstyret.

Formannskap plan og økonomi tek rådmannen sitt framlegg til vitande.

Innspela frå repr. i FPL fylgjer saka vidare til heradsstyret:

Alternativ framlegg til vedtak frå SV og Ap v/Benedicte Kragh, Ap:

1. Følgjande endringar i skule- og barnehagestrukturen på kort sikt 2026 - 2027 i tråd med hovuddokumentet og heradsstyre sine merknadar, vert gjennomført i Voss herad:
 - a. Hagahaugen barnehage vert avvikla og flytta til Kløve barnehage ved nytt barnehageår, hausten 2026 (kap 4.1).
 - b. Rådmannen får i oppdrag om å gå i vidare dialog og forhandlingar med FUS-kjeda i høve barnehagetilbodet på Vossestrand. Heradsstyret ber om ei sak der ein vurderar barnehagetilbodet på Vossestrand, inkludert etablering av barnehage i det gamle skulebygget på Oppheim, overtaking og opprusting av Hauge og overtaking av Sundve FUS.
 - c. Evanger og Bolstad barnehage vert samlokalisert. Nedlegging/samanslåing skjer først når alternativt lokale er klart slik at ingen må flytta to gonger på kort tid.
 - d. Heradsstyre ber om ei sak om samanslåing av Evanger og Bulken barneskule, med lokasjon på Bulken. Alternativ kan vera utviding av dagens skulebygg eller nybygg på Eideshagen. Føremålet er å sikra ei robust barneskule eining i vest, som vil stå seg over tid.
2. Følgjande endringar i skule- og barnehagestrukturen på lenger sikt 2027 - 2032 i tråd med hovuddokumentet og heradsstyre sine merknadar, vert gjennomført i Voss herad:
 - a. Bjørgum skule sine elevar i ungdomsskulealder, byrjar ved Granvin barne- og ungdomsskule frå 2029 (kap 5.1).
 - b. Forskrift om skulekrinsar i Voss herad vert endra i tråd med framlegg om endra kringsgrense for ungdomsskuleelevar i Bjørgumkrinsen, slik at dei byrjar på Granvin barne- og ungdomsskule ved nytt skuleår i 2029 (kap 5.1).
 - c. Rådmannen får oppdrag om å gå i gang med vidare utgreiing av ny barnehage i, eller i nærleiken av sentrum (kap 5.3). Heradsstyre ber om at Kløve vert inkludert i utgreiinga, samt etablering av utegrupper.
 - d. Rådmannen får oppdrag om å greia ut fleire alternativ til ny barneskule i nærleiken av sentrum. Alternativa skal inkludera både nybygg og bruk av eksisterande bygg/areal, og etablering av skule- og ressurscenter. Den nye strukturen i sentrum skal sikra plass til elevar frå kringsgrensene til Gullfjordungen skule, Gjernes skule og Vangen skule, samt den venta befolkningsveksten i sentrum. Heradsstyre ynskjer særleg at ein vurderar lokasjonar utanfor sentrumskjerna, samt opprusting av Gullfjordungen og Gjernes skule til å bli større einingar. Økonomiske rammer for arbeidet vert å vedta i eigen sak, eller i økonomiplan (kap 5.2).
 - e. Heradsstyre ber om ein ny sak om forskrift om skulekrinsar i Voss herad, når alternativ sak om skulestruktur ligg føre.
3. Det skal utarbeidast ein plan for gjennomføring av kvart tiltak. Planen skal ivareta elevar, foreldre og tilsette i arbeidet med nedlegging, overføring og samanslåing av skular. Omstilling skal skje i tråd med kommunen sine rutinar.

4. Gjennomføring av tiltak som krev investeringar skal prosjekterast, og den samla kostnaden for kvart prosjekt skal vedtakast av heradsstyret før oppstart. Finansiering av tiltaka blir ein del av økonomiplanarbeidet 2027-2030, og årsbudsjettet for 2027. Tiltak som fører til auka driftskostnader må innarbeidast i budsjett i løpet av budsjettåret.

Alternativ framlegg frå H og V v/Iril S. Johansen, H:

1. Følgjande endringar i skule- og barnehagestrukturen på kort sikt 2026 - 2027 i tråd med hovuddokumentet, skal greiast ut vidare, med mål om endeleg vedtak før påske:

a. Hagahaugen barnehage vert avvikla og flytta til Kløve barnehage ved nytt barnehageår, hausten 2026 (kap 4.1).

b. Rådmannen får oppdrag om å gå i vidare dialog og forhandlingar med FUS-kjeda i høve eventuell overtaking av Sundve FUS barnehage (kap 4.2).

c. Punkt om Hauge barnehage utgår.

d. Det vert oppretta oppvekstun på Evanger, fortrinnsvis frå hausten 2026 eller når skulebygget er satt i stand, der Evanger barnehage vert teke inn i skulebygget på Evanger. Brakkene på Bolstad vert sagt opp og barnehagen på Bolstad vert flytta inn i det gamle skulebygget på Bolstad, med moglegheit for at bygget også kan ha andre leigetakarar enn barnehagen for å sikra inntekt på bygget (4.3).

2. Følgjande endringar i skule- og barnehagestrukturen i Voss Herad på lenger sikt 2027 - 2032 i tråd med hovuddokumentet, skal greiast ut vidare:

a. Bjørgum skule sine elevar i ungdomsskulealder, byrjar ved Granvin barne- og ungdomsskule frå 2029 (kap 5.1), dersom det ikkje er ledig kapasitet ved Voss ungdomsskule. Elevar frå Bjørgum som ynskjer det, får høve til å velja Granvin ungdomsskule allereie hausten 2026.

b. Forskrift om skulekrinsar i Voss herad vert ved behov endra i tråd med framlegg om endra kringsgrense for ungdomsskuleelevar i Bjørgumkrinsen, slik at dei kan byrja på Granvin barne- og ungdomsskule ved nytt skuleår i 2029 (kap 5.1).

c. Vangen, Gullfjordingen, Gjernes og Skulestad skular vert samla i ein felles skulekrins, med mål om optimalt elevtal i kvar klasse (sjå nærare forklaring under).

d. Forskrift om skulekrinsar i Voss herad vert endra i tråd med framlegg i punkt 2c.

e. Rådmannen får oppdrag om å gå i gang med vidare utgreiing av ny barnehage i,

eller i nærleiken av sentrum (kap 5.3). Eit mogleg tiltak på kort sikt kan vera etablering av ei eller fleire barnehageavdelingar for dei eldste borna etter same modell som naturbarnehagane, der ein har ein mindre base for levering/henting, og nyttar eksisterande fasilitetar som symjeanlegg, idrettsanlegg, kulturhus, gondol og Prestegardsmoen til dei daglege aktivitetane. Eigna lokale for base kan vera øvste etasje i symjeanlegget.

f. Alternativet med omgjerding av dagens Voss ungdomsskule til barneskule, og etablering av ny ungdomsskule utanfor sentrum, skal greiast ut vidare dersom kommunen har økonomi til å gjennomføre investeringar av denne storleiken. Sal av tomt og bygg tilhøyrande dagens Vangen skule kan gå inn som del av finansieringsplan.

3. Det skal utarbeidast ein plan for gjennomføring av kvart tiltak. Planen skal ivareta elevar, foreldre og tilsette i arbeidet med nedlegging, overføring og samanslåing av skular. Omstilling skal skje i tråd med kommunen sine rutinar.

4. Gjennomføring av tiltak som krev investeringar skal prosjekterast, og den samla kostnaden for kvart prosjekt skal vedtakast av heradsstyret før oppstart. Finansiering av tiltaka blir ein del av økonomiplanarbeidet 2027-2030, og årsbudsjettet for 2027. Tiltak som fører til auka driftskostnader må innarbeidast i budsjett i løpet av budsjettåret.

Kommentar til felles skulekrins med fleire skular og felles fordeling

I staden for å fysisk samla hundrevis av born i eitt og same skulebygg, kan me samla dei i ein og same skulekrins, som til dømes ein felles skulekrins for sentrumsområdet. Ved inntak til fyrste klasse, kan ein då få større fleksibilitet, ved at klassane kan fyllast både etter kapasitet og etter avstand. Eleven får skuleplass ved ein av skulane i krinsen, og kan gå heile barneskuleløpet der. Resultatet kan verta at me slepp å leggja ned skular, men at me likevel får færre klassar totalt sett på det einskilde trinnet. Det er ikkje sikkert at det vert starta opp ein fyrsteklasse ved kvar skule, kvart år, men me kan få eit smidigare system med gode moglegheiter for optimal drift.

Tilsvarande organisering er tidlegare først og fremst nytta i større byar, der det er mange sentrumsskular med kort avstand imellom.

Løysinga krev truleg ingen investeringar, berre organisatoriske endringar. Det kan gje grunnlag for ei jamnare fordeling av lærarressursane per elevgruppe, og lågare driftskostnader. Dermed kan me også få betre tid til å landa best mogleg langsiktige løysingar for vegen vidare.

Endringar barnehage- og skulestruktur frå Sp v/Samson Hamre:

1. Følgjande endringar i skule- og barnehagestrukturen på kort sikt 2026 - 2027 i tråd med hovuddokumentet, vert gjennomført i Voss herad:

a. Gjernes barnehage vert avvikla og flytta til Kløve barnehage ved nytt barnehageår, hausten 2026 (kap 4.1).

b. Rådmannen får i oppdrag om å byggja barnehage og aktivitetshus i skulebygget på Oppheim. Fleksible rom til lag/organisasjonar. Dersom FUS legg ned kan ein samla alle barnehageborn på Oppheim.

c. Hauge barnehage vert lagt ned når barnehage på Oppheim står klar.

d. Det vert samlokalisering i Bolstad barnehage frå hausten 2026 fram til barnehage i det gamle skulebygget på Bolstad står klart. Brakkene på Bolstad vert sagt opp når bygget står klart og barnehage på Evanger vert avvikla.

2. Følgjande endringar i skule- og barnehagestrukturen på lenger sikt 2027 - 2032 i tråd med hovuddokumentet, vert gjennomført i Voss herad:

a. Bjørgum skule sine elevar i ungdomsskulealder, byrjar ved Granvin barne- og ungdomsskule frå 2029 (kap 5.1).

b. Forskrift om skulekrinsar i Voss herad vert endra i tråd med framlegg om endra krinsgrense for ungdomsskuleelevar i Bjørgumkrinsen, slik at dei byrjar på Granvin barne- og ungdomsskule ved nytt skuleår i 2029 (kap 5.1).

c. Rådmannen får oppdrag om å gå i gang med vidare utgreiing av ny barneskule i, eller i nærleiken av sentrum til 400 elevar. Eit nytt skulebygg skal sikra plass til elevar frå krinsgrensene til Gullfjordingen skule og Vangen skule, samt den venta befolkningsveksten i sentrumskrinsane. Krinsgrensa mellom noverande Vangen- og Gjernes skule, vert justert i tråd med framlegg i hovuddokumentet. Utgreiing av nytt skulebygg, skal sikra at me kan tilby elevar med store hjelpebehov eit tilrettelagt og forsterka skuletilbod. Økonomiske rammer for arbeidet vert å vedta i eigen sak, eller i økonomiplan (kap 5.2). Fleire alternativ skal utgreiast. (gode forslag?) Ein skal òg sjå på om det er mogleg å løysa utfordringane med eksisterande skular og krinsgrensejusteringar.

d. Forskrift om skulekrinsar i Voss herad vert endra i tråd med framlegg om endra krinsgrense for Gjernes og Vangen skule, og vert gjeldande frå nytt skuleår i 2027 kap 5.2).

e. Rådmannen får oppdrag om å gå i gang med vidare utgreiing av ny barnehage i, eller i nærleiken av sentrum (kap 5.3). Fleire alternativ skal utgreiast. (Nyre t.d., fleire?)

3. Det skal utarbeidast ein plan for gjennomføring av kvart tiltak. Planen skal ivareta elevar, foreldre og tilsette i arbeidet med nedlegging, overføring og samanslåing av skular. Omstilling skal skje i tråd med kommunen sine rutinar.

4. Gjennomføring av tiltak som krev investeringar skal prosjekterast, og den samla kostnaden for vart prosjekt skal vedtakast av heradsstyret før oppstart. Finansiering av tiltaka blir ein del av økonomiplanarbeidet 2027-2030, og årsbudsjettet for 2027. Tiltak som fører til auka driftskostnader må innarbeidast i budsjett i løpet av budsjettåret.

5. Råd, utval og formannskap skal involverast i utgreiing for ny barnehage og ny barneskule i eller i nærleiken av sentrum gjennom arbeidsverkstadar.

Saksordførar Gry Bystøl Gladheim frå Utval for levekår

Handsaming

Alternativ framlegg til vedtak (Ap og SV): , foreslått av Benedicte Kragh, Arbeiderpartiet

1. Følgjande endringar i skule- og barnehagestrukturen på kort sikt 2026 - 2027 i tråd med hovuddokumentet og heradsstyre sine merknadar, vert gjennomført i Voss herad:
 - a. Hagahaugen barnehage vert avvikla og flytta til Kløve barnehage ved nytt barnehageår, hausten 2026 (kap 4.1).
 - b. Rådmannen får i oppdrag om å gå i vidare dialog med FUS-kjeda i høve barnehagetilbodet på Vossestrand. Heradsstyret ber om ei sak der ein vurderar barnehagetilbodet på Vossestrand, inkludert etablering av barnehage i det gamle skulebygget på Oppheim.
 - c. Hauge barnehage vert ikkje lagt ned før barnehagetilbodet på Vossestrand er avklara.
 - d. Evanger og Bolstad barnehage vert samlokalisert i skulebygget på Evanger. Samanslåing skjer først når lokale er klart slik at ingen må flytta to gonger på kort tid.
2. Følgjande endringar i skule- og barnehagestrukturen på lenger sikt 2027 - 2032 i tråd med hovuddokumentet og heradsstyre sine merknadar, vert gjennomført i Voss herad:
 - a. Bjørgum skule sine elevar i ungdomsskulealder, byrjar ved Granvin barne- og ungdomsskule frå 2029 (kap 5.1).
 - b. Forskrift om skulekrinsar i Voss herad vert endra i tråd med framlegg om endra kringsgrense for ungdomsskuleelevar i Bjørgumkrinsen, slik at dei byrjar på Granvin barne- og ungdomsskule ved nytt skuleår i 2029 (kap 5.1).
3. Heradsstyre ynskjer vidare utgreiing av følgjande punkt. Utgreiingane må synleggjera alle kostnader, som oppgradering av skuleveg osv. Økonomiske rammer for enkelt prosjekt vert å vedta i eigen sak, eller i økonomiplan. I arbeidet utgreiingane ynskjer heradsstyre at ein skal planlegga for at dei nye og oppgraderte bygga har kvalitetar for å driva praktisk undervisning, samt at det i nærområde ligg til rette for å driva praktisk undervisning ute.
 1. Rådmannen får i oppdrag å prioritera vidare utgreiing av ny barnehage i, eller i nærleiken av sentrum (kap 5.3). Heradsstyre ber om at Kløve vert inkludert i utgreiinga. Utgreiinga skal minimum inkludera alternativ om å bygga ny barnehage på Nyre med ute/kulturgruppe. Rådmannen sine vurderingar og alternativ (kap 5.3.) kan også vurderast.
 2. Rådmannen får i oppdrag å utgreia fleire alternativ til ny barneskule i nærleiken av sentrum. Den nye strukturen i sentrum skal sikra plass til elevar frå kringsgrensene til Gullfjorden skule, Gjernes skule og Vangen skule, samt den venta befolkningsveksten i sentrum. Utgreiinga skal minimum inkludera alternativ med utviding og investering i eksisterande bygg/areal, samt etablering av ny skule- og ressurscenter.
 3. Rådmannen får i oppdrag å utgreia samanslåing av Evanger og Bulken barneskule, med lokasjon på Bulken. Utgreiinga skal minimum inkludera utviding av dagens skulebygg og nybygg på Eideshagen. Føremålet er å sikra ei robust barneskule eining i vest, som vil stå seg over tid.
 4. Heradsstyre ber om ein ny sak om forskrift om skulekrinsar i Voss herad, når alternativ sak om skulestruktur ligg føre.
4. Det skal utarbeidast ein plan for gjennomføring av kvart tiltak. Planen skal ivareta elevar, foreldre og tilsette i arbeidet med nedlegging, overføring og samanslåing av skular. Omstilling skal skje i tråd med kommunen sine rutinar.

5. Gjennomføring av tiltak som krev investeringar skal prosjekterast, og den samla kostnaden for kvart prosjekt skal vedtakast av heradsstyret før oppstart. Finansiering av tiltaka blir ein del av økonomiplanarbeidet 2027-2030, og årsbudsjettet for 2027. Tiltak som fører til auka driftskostnader må innarbeidast i budsjett i løpet av budsjettåret.

6. Råd, utval og formannskap skal involverast i utgreiing for ny barnehage og ny barneskule i eller i nærleiken av sentrum gjennom arbeidsverkstadar.

Framlegg til utsetjing, foreslått av Øystein Måkestad, Kristeleg Folkeparti

Heradstyret finn at saka om framtidig barnehage- og skulestruktur i Voss herad, som gjeld for eit lengre tidsperspektiv, ikkje er tilstrekkeleg utgreidd til å kunne fattast endeleg vedtak. Heradstyret har òg hatt for kort tid til å setja seg grundig inn i saka. Saka vert difor utsett.

Før ny politisk handsaming i neste heradstyremøte skal administrasjonen leggja fram ei samla og oversiktleg konsekvensutgreiing i skjematisk form, som òg omfattar økonomiske konsekvensar.

Heradstyret vil likevel handsama punkt 1a i saka: 1a. Gjernes barnehage held fram som før. I sakspapira bør det leggjast ved tilstandsrapportar for skulebygg som ikkje er i bruk, til dømes barneskulen på Bolstad.

Barnehage- og skulestruktur, foreslått av Sidsel Vinsand, Raudt

Endringsframlegg

- Noverande barnehage- og skulestruktur vert oppretthalden som i dag.
- Eksisterande barnehage- og skulebygg vert oppgradert, utvida og rehabilitert.
-
- Det vert oppretta barnehage i skulebygget på Bolstad. Bolstad barnehage vert teke inn i skulebygget straks det er klart for det, og leigeavtalen om brakkene på Bolstad vert oppsagt
- Det vert oppretta barnehage i Oppheim skule. Hauge barnehage vert teke inn i barnehagen i Oppheim skule straks det er klart for det.
-
- Det vert starta eit arbeid med å finna tiltak for å sikra best mogleg samarbeid mellom skular og mellom barnehagar for å oppnå faglege fordelar.
- Justering av skulekrinsgrensa kan vurderast.
-
- Det skal utarbeidast eit budsjett og ein tidsplan for gjennomføring av ein slik plan.
- Gjennomføring av tiltak som krev investeringar skal prosjekterast, og den samla kostnaden for kvart prosjekt skal vedtakast av heradsstyret før oppstart. Finansiering av tiltaka blir ein del av økonomiplanarbeidet 2027-2030, og årsbudsjettet for 2027. Tiltak som fører til auka driftskostnader må innarbeidast i budsjett i løpet av budsjettåret.

Alternativt framlegg til vedtak, foreslått av Siri Stuve Elvatun , Senterpartiet

1. Følgjande endringar (punkt 1a-g under) i skule- og barnehagestrukturen på kort sikt 2026 - 2027 vert gjennomført i Voss herad:

a. Hagahaugen barnehage vert avvikla. Aktuelle alternativ for borna som no går der, gjeldande ved nytt barnehageår hausten 2026:

- vi) Flytting til Kløve barnehage ved nytt barnehageår
- vii) Fortrinnsrett til plass ved søknad på ledige plassar i andre barnehagar
- viii) Etablering av utegruppe (inkludert bruk av Vossabadet, idrettsanlegg og kulturhus), som avdeling tilhøyrande Gjernes barnehage, med base i andre etasje i Vossabadet eller anna høveleg sentrumsnært lokale.
- ix) Ny avdeling (brakkebygg) som avdeling ved Gjernes barnehage.
- x) Ein kombinasjon av punkt over.

Grunngjeving: Hagahaugen bør nyttast til helse, omsorg, omsorgsbustader eller liknande funksjonar, slik bygget i utgangspunktet er meint å fungera. Barnehagen på Gjernes er bygd som barnehage, men kan få meir kostnadseffektiv drift og fleksible personalløysingar ved å få fleire avdelingar.

b. Rådmannen får i oppdrag å gå i vidare dialog og forhandlingar med FUS-kjeda i

høve eventuell overtaking av Sundve FUS- barnehage (kap 4.2). Situasjonen knytt til Sundve FUS barnehage og vidare drift eller nedlegging må avklarast snarast råd, med tanke på dei ringverknadane dette får for vidare planlegging av barnehagestrukturen i Voss herad. Ein eventuell avtale mellom Voss herad og Sundve FUS barnehage skal godkjennast av heradsstyret for å kunna tre i kraft.

c. Rådmannen får i oppdrag å byggja barnehage og aktivitetshus i skulebygget på Oppheim. Bygget skal oppgraderast med fleksible rom til lag/organisasjonar, som skal kunna nyttast til barnehage.

d. Hauge barnehage vert lagt ned når barnehage på Oppheim står klar.

e. Det vert oppretta ei barnehageavdeling ved Evanger skule i samband med SFO/Evanger skule frå hausten 2026. Barnehagen på Evanger kan organiserast som avdeling knytt til Bolstad barnehage.

f. Det gamle skulebygget på Bolstad vert oppgradert. Brakkene på Bolstad vert sagt opp når skulebygget er klart, og barnehagen på Bolstad vert då flytta inn i skulebygget. Det skal leggjast til rette for at skulebygget også kan ha andre leigetakarar enn barnehagen, for å sikra inntekt til drifta, i tråd med Liv og Lyst prosjektet som no startar opp på Bolstad (4.3).

g. Elevar frå Bjørgum som ynskjer det, får høve til å velja Granvin ungdomsskule allereie hausten 2026.

2. Følgjande endringar i skule- og barnehagestrukturen i Voss Herad på lenger sikt 2027 – 2032 (punkta 2a-f under), skal greiast ut vidare:

a. Bjørgum skule sine elevar i ungdomsskulealder, byrjar ved Granvin barne- og ungdomsskule frå 2029 (kap 5.1).

b. Forskrift om skulekrinsar i Voss herad vert ved behov endra i tråd med framlegg om endra kringsgrense for ungdomsskuleelevar i Bjørgumkrinsen, slik at dei kan byrja på Granvin barne- og ungdomsskule ved nytt skuleår i 2029 (kap 5.1).

c. Vangen, Gullfjordungen, Gjernes og Skulestad skular vert samla til eit felles utjamningsområdet, med mål om optimalt elevtal i kvar klasse. Dette skal gje organisatoriske løysingar for betre kapasitetsutnytting mellom sentrumsskular t.d. etter modell i Sarpsborg kommune med inntaksområde og utjamningsområder. Økonomiske rammer for arbeidet vert å vedta i eiga sak, eller i økonomiplan (kap 5.2).

e. Rådmannen får oppdrag om å gå i gang med vidare utgreiing av ny barnehage i, eller i nærleiken av sentrum (kap 5.3). Eit mogleg tiltak på kort sikt kan vera etablering av ei eller fleire barnehageavdelingar for dei eldste borna etter same modell som utebarnehagane, der ein har ein mindre base for levering/henting. Alternativ på lengre sikt kan inkludera barnehagetomta på Nyre, og utviding av Gjernes barnehage.

f. Alternativet med omgjerding av dagens Voss ungdomsskule til barneskule, og etablering av ny ungdomsskule utanfor sentrum, skal greiast ut vidare dersom kommunen har økonomi til å gjennomføre investeringar av denne storleiken. Sal av tomt og bygg tilhøyrande dagens sentrums skular kan gå inn som del av finansieringsplan.

3. Det skal utarbeidast ein plan for gjennomføring av kvart tiltak. Planen skal ivareta elevar, foreldre og tilsette i arbeidet med nedlegging, overføring og samanslåing av skular. Omstilling skal skje i tråd med kommunen sine rutinar.

4. Gjennomføring av tiltak som krev investeringar skal prosjekterast, og den samla kostnaden for kvart prosjekt skal vedtakast av heradsstyret før oppstart. Finansiering av tiltaka blir ein del av økonomiplanarbeidet 2027-2030, og årsbudsjettet for 2027. Tiltak som fører til auka driftskostnader må innarbeidast i budsjett i løpet av budsjettåret.

5. Råd, utval og formannskap skal involverast i utgreiing for ny barnehage og ny barneskule i eller i nærleiken av sentrum gjennom arbeidsverkstadar.

Heradsstyret røysta over framlegg til utsetjing v/Øystein Måkestad, Krf, framlegget fall med 32 røyster mot 11 røyster (Irlil S. Johansen, Sveinung Riber, Karis Sætren Bondevik, Lars Tore Rogne, H, Lars Gunnar Øye, Terje Eide, Knut Opheim, Kenneth Myhre, Inp, Øystein Måkestad, Krf, Knut Ståle Kvissel, Stig Frode Soltveit Støle, Frp).

Gruppemøte før avrøysting.

Heradsstyret røysta over framlegg frå Sidsel Vinsand, R, framlegget fall med 42 røyster mot 1 røyst (Sidsel Vinsand, R).

Heradsstyret røysta over alternativt framlegg til vedtak frå SV og Ap v/Benedicte Kragh, Ap, framlegget fall med 30 røyster mot 13 røyster (Benedicte Kragh, Kyrre S. Mandelid, Stein Helge Mandelid, Tommy Mo Aarethun, Anders Gjeraker, Asgeir Løno, May Røssland, Graciella Betty Iradukundap, Dag Sandvik, Margrethe Alm, Håvard Skattum, Gry Bystøl Gladheim, Marit Tveito Askeland, Sv).

Heradsstyret røysta over alternativt framlegg frå H, Mdg, V, Inp, Sp v/Siri Stuve Elvatun, Sp, framlegget vart vedteke med 29 røyster mot 14 røyster (Benedicte Kragh, Kyrre S. Mandelid, Stein Helge Mandelid, Tommy Mo Aarethun, Anders Gjeraker, Asgeir Løno, May Røssland, Graciella Betty Iradukund, Ap, Dag Sandvik, Margrethe Alm, Håvard Skattum, Gry Bystøl Gladheim, Marit Tveito Askeland, Sv, Sidsel Vinsand, R).

HST - 06/26 Vedtak

1. Følgjande endringar (punkt 1a-g under) i skule- og barnehagestrukturen på kort sikt 2026 - 2027 vert gjennomført i Voss herad:

a. Hagahaugen barnehage vert avvikla. Aktuelle alternativ for borna som no går der, gjeldande ved nytt barnehageår hausten 2026:

- vi) Flytting til Kløve barnehage ved nytt barnehageår
- vii) Fortrinnsrett til plass ved søknad på ledige plassar i andre barnehagar
- viii) Etablering av utegruppe (inkludert bruk av Vossabadet, idrettsanlegg og kulturhus), som avdeling tilhøyrande Gjernes barnehage, med base i andre etasje i Vossabadet eller anna høveleg sentrumsnært lokale.
- ix) Ny avdeling (brakkebygg) som avdeling ved Gjernes barnehage.
- x) Ein kombinasjon av punkt over.

Grunngjeving: Hagahaugen bør nyttast til helse, omsorg, omsorgsbustader eller liknande funksjonar, slik bygget i utgangspunktet er meint å fungera. Barnehagen på Gjernes er bygd som barnehage, men kan få meir kostnadseffektiv drift og fleksible personalløysingar ved å få fleire avdelingar.

b. Rådmannen får i oppdrag å gå i vidare dialog og forhandlingar med FUS-kjeda i

høve eventuell overtaking av Sundve FUS- barnehage (kap 4.2). Situasjonen knytt til Sundve FUS barnehage og vidare drift eller nedlegging må avklarast snarast råd, med tanke på dei ringverknadane dette får for vidare planlegging av barnehagestrukturen i Voss herad. Ein eventuell avtale mellom Voss herad og Sundve FUS barnehage skal godkjennast av heradsstyret for å kunna tre i kraft.

c. Rådmannen får i oppdrag å byggja barnehage og aktivitetshus i skulebygget på Oppheim. Bygget skal oppgraderast med fleksible rom til lag/organisasjonar, som skal kunna nyttast til barnehage.

d. Hauge barnehage vert lagt ned når barnehage på Oppheim står klar.

e. Det vert oppretta ei barnehageavdeling ved Evanger skule i samband med SFO/Evanger skule frå hausten 2026. Barnehagen på Evanger kan organiserast som avdeling knytt til Bolstad barnehage.

f. Det gamle skulebygget på Bolstad vert oppgradert. Brakkene på Bolstad vert sagt opp når skulebygget er klart, og barnehagen på Bolstad vert då flytta inn i skulebygget. Det skal leggjast til rette for at skulebygget også kan ha andre leigetakarar enn barnehagen, for å sikra inntekt til drifta, i tråd med Liv og Lyst prosjektet som no startar opp på Bolstad (4.3).

g. Elevar frå Bjørgum som ynskjer det, får høve til å velja Granvin ungdomsskule allereie hausten 2026.

2. Følgjande endringar i skule- og barnehagestrukturen i Voss Herad på lenger sikt 2027 – 2032 (punkta 2a-f under), skal greiast ut vidare:

a. Bjørgum skule sine elevar i ungdomsskulealder, byrjar ved Granvin barne- og ungdomsskule frå 2029 (kap 5.1).

b. Forskrift om skulekrinsar i Voss herad vert ved behov endra i tråd med framlegg om endra kringsgrense for ungdomsskuleelevar i Bjørgumkrinsen, slik at dei kan byrja på Granvin barne- og ungdomsskule ved nytt skuleår i 2029 (kap 5.1).

c. Vangen, Gullfjordungen, Gjernes og Skulestad skular vert samla til eit felles utjamningsområdet, med mål om optimalt elevtal i kvar klasse. Dette skal gje organisatoriske løysingar for betre kapasitetsutnytting mellom sentrumsskular t.d. etter modell i Sarpsborg kommune med inntaksområde og utjamningsområder. Økonomiske rammer for arbeidet vert å vedta i eiga sak, eller i økonomiplan (kap 5.2).

e. Rådmannen får oppdrag om å gå i gang med vidare utgreiing av ny barnehage i, eller i nærleiken av sentrum (kap 5.3). Eit mogleg tiltak på kort sikt kan vera etablering av ei eller fleire barnehageavdelingar for dei eldste borna etter same modell som utebarnehagane, der ein har ein mindre base for levering/henting. Alternativ på lengre sikt kan inkludera barnehagetomta på Nyre, og utviding av Gjernes barnehage.

f. Alternativet med omgjerding av dagens Voss ungdomsskule til barneskule, og etablering av ny ungdomsskule utanfor sentrum, skal greiast ut vidare dersom kommunen har økonomi til å

gjennomføre investeringar av denne storleiken. Sal av tomt og bygg tilhøyrande dagens sentrums skular kan gå inn som del av finansieringsplan.

3. Det skal utarbeidast ein plan for gjennomføring av kvart tiltak. Planen skal ivareta elevar, foreldre og tilsette i arbeidet med nedlegging, overføring og samanslåing av skular. Omstilling skal skje i tråd med kommunen sine rutinar.

4. Gjennomføring av tiltak som krev investeringar skal prosjekterast, og den samla kostnaden for kvart prosjekt skal vedtakast av heradsstyret før oppstart. Finansiering av tiltaka blir ein del av økonomiplanarbeidet 2027-2030, og årsbudsjettet for 2027. Tiltak som fører til auka driftskostnader må innarbeidast i budsjett i løpet av budsjettåret.

5. Råd, utval og formannskap skal involverast i utgreiing for ny barnehage og ny barneskule i eller i nærleiken av sentrum gjennom arbeidsverkstadar.

07/26 Ny handsaming av skjenkeløyve Eyye AS

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

1. Eyye AS med org. nummer: 934556283 får skjenkeløyve frå 05.02.26 til 30.09.28

2. Løyvet vert gjeve i tråd med gjeldande reglar i alkoholpolitiske retningslinjer og generelle skjenketider slik:

Stad:	Gruppe:	Frå tidspunkt	Til tidspunkt
Inne	1-2	Kl. 10:00	Kl. 02:30
Inne	3	Kl. 13:00	Kl. 01:00
Ute	1-2	Kl. 12:00	Kl. 01:00
Ute	3	Kl. 13:00	Kl. 01:00

3. I samsvar med Alkoholova § 4-7 og Voss herad sine alkoholpolitiske retningslinjer skal skjenkeløyvet nyttast slik det går fram av løyvedokument og dei lovar og reglar som til ei kvar tid gjeld for skjenking av alkoholholdig drikke.

4. Skjenkestaden ved skjenkestyrar, pliktar å delta i programmet Ansvarlig alkoholhandtering som har til hensikt å redusera overskjenking, samt bråk og uro knytt til skjenkestaden. I dette vilkåret ligg det også eit pålegg om å inngå samarbeid med Voss politistasjonsdistrikt med mål om å setja i verk tiltak av førebyggjande karakter for å redusera talet på valdsepisodar og andre ikkje ynskte hendingar.

5. Internkontroll som sikrar omsynet til og skjerming av barn og unge på ein best mogeleg måte må på plass før opning.

5. Presisering når det gjeld vilkåra i Alkoholpolitiske retningslinjer § 4.3 Aktivitet for barn og unge : Aktivitetane skal ha born og unge som eigen målgruppe og vera særleg tilrettelagt for desse.

Skjenkestyrar:	Øzer Anli	F: 17.04.1976
----------------	-----------	---------------

Avløysar:		
-----------	--	--

Avløysar må vera på plass innan 6 månader.

Vedtak som innstilling frå Utval for kultur og næring, 27.01.2026 - 03/26

1. Eyye AS med org. nummer: 934556283 får skjenkeløyve frå 05.02.26 til 30.09.28

2. Løyvet vert gjeve i tråd med gjeldande reglar i alkoholpolitiske retningslinjer og generelle skjenketider slik:

Stad:	Gruppe:	Frå tidspunkt	Til tidspunkt
Inne	1-2	Kl. 10:00	Kl. 02:30
Inne	3	Kl. 13:00	Kl. 01:00
Ute Helg	1-2	Kl. 16:00 Kl. 12.00	Kl. 01:00
Ute Helg	3	Kl. 16:00 Kl. 13:00	Kl. 01:00

3. I samsvar med Alkohollova § 4-7 og Voss herad sine alkoholpolitiske retningslinjer skal skjenkeløyvet nyttast slik det går fram av løyvedokument og dei lovar og reglar som til ei kvar tid gjeld for skjenking av alkoholholdig drikke.

4. Skjenkestaden ved skjenkestyrar, pliktar å delta i programmet Ansvarlig alkoholhandtering som har til hensikt å redusera overskjenking, samt bråk og uro knytt til skjenkestaden. I dette vilkåret ligg det også eit pålegg om å inngå samarbeid med Voss politistasjonsdistrikt med mål om å setja i verk tiltak av førebyggjande karakter for å redusera talet på valdsepisodar og andre ikkje ynskte hendingar.

5. Internkontroll som sikrar omsynet til og skjerming av barn og unge på ein best mogeleg måte må på plass før opning.

Brukarar av tenestene i bygget skjermast ved at skjenking ute vert tillatt ettermiddag/kveld og helg.

6. Presisering når det gjeld vilkåra i Alkoholpolitiske retningslinjer § 4.3 Aktivitet for barn og unge : Aktivitetane skal ha born og unge som eigen målgruppe og vera særleg tilrettelagt for desse.

Skjenkestyrar:	Øzer Anli	F: 17.04.1976
Avløysar:		

Avløysar må vera på plass innan 6 månader.

Saksordførar Håvard Skattum (SV)

Vedtak som innstilling frå Utval for levekår, 28.01.2026 - 04/26

Utval for levekår stør oppunder innstillinga frå Utval for kultur og næring med fylgjande 3 tilleggspunkt frå levekår:

1. Grense og avskjerming på uteservering blir satt til å flukte med kortvegg på bygget og ikkje slik som det kjem fram frå teikningar.
Uteservering kan ikkje tas i bruk før skjerming er på plass. Skjerming skal være fysisk utforma slik at det ikkje er innsyn/utsyn til Oasens inngang og elles etter Voss herad sine alkoholpolitiske retningslinjer 4.3.2 kulepunkt 4.
2. Ved endring i driftskonsept skal det søkjast om nytt løyve.
3. Innan ein månad, Jmfr §1-7 c så skal det vera utnevnt både styrar og stedfortredar, godkjent av bevilgningsmyndigheit.

1. Eyye AS med org. nummer: 934556283 får skjenkeløyve frå 05.02.26 til 30.09.28

2. Løyvet vert gjeve i tråd med gjeldande reglar i alkoholpolitiske retningslinjer og generelle skjenketider slik:

Stad:	Gruppe:	Frå tidspunkt	Til tidspunkt
Inne	1-2	Kl. 10:00	Kl. 02:30
Inne	3	Kl. 13:00	Kl. 01:00
Ute Helg	1-2	Kl. 16:00 Kl. 12.00	Kl. 01:00
Ute Helg	3	Kl. 16:00 Kl. 13:00	Kl. 01:00

3. I samsvar med Alkohollova § 4-7 og Voss herad sine alkoholpolitiske retningslinjer skal skjenkeløyvet nyttast slik det går fram av løyvedokument og dei lovar og reglar som til ei kvar tid gjeld for skjenking av alkoholholdig drikke.

4. Skjenkestaden ved skjenkestyrar, pliktar å delta i programmet Ansvarlig alkoholhandtering som har til hensikt å redusera overskjenking, samt bråk og uro knytt til skjenkestaden. I dette vilkåret ligg det også eit pålegg om å inngå samarbeid med Voss politistasjonsdistrikt med mål om å setja i verk tiltak av førebyggjande karakter for å redusera talet på valdsepisodar og andre ikkje ynskde hendingar.

5. Internkontroll som sikrar omsynet til og skjerming av barn og unge på ein best mogeleg måte må på plass før opning.

Brukarar av tenestene i bygget skjermast ved at skjenking ute vert tillatt ettermiddag/kveld og helg.

6. Presisering når det gjeld vilkåra i Alkoholpolitiske retningslinjer § 4.3 Aktivitet for barn og unge : Aktivitetane skal ha born og unge som eigen målgruppe og vera særleg tilrettelagt for desse.

Skjenkestyrar:	Øzer Anli	F: 17.04.1976
Avløysar:		

Avløysar må vera på plass innan 6 månader.

Saksordførar i HST, Håvard Skattum (SV)

Utval for kultur og næring 27.01.2026

Handsaming

Forslag til vedtak, foreslått av Håvard Skattum , Sosialistisk venstreparti

Heradsstyret avslår søknaden om skjenkeløyve til Eyye AS med følgende begrunnelse:

Det er søkt om å få utøve skjenk av alkohol i et bygg hvor kommunen har lagt sine aller viktigste hjelpetiltak for innbyggere med behov for hjelp; PPT, barnevernet, kommunal legekontor, NAV og rus- og psykiatritjenesten. Eyye er en restaurant som ligger i byggets underetasje mens alle nevnte tjenestene ligger i etasjene over. Bygget har i tillegg til disse kommunale sosial-, helse- og omsorgstjenestene noen kontorplasser til Bane Nor, Helse Bergen og fylkeskommunen. Bygget heter Knutepunktet og er, og har vært, bygget vossingene kjenner som stedet man går til når man trenger hjelp til vanskelige ting i livet.

Etter Alkohollovenes § 1-7a kan kommunene ved vurderingen av skjenkeløyvet "legge vekt på ... stedes karakter, beliggenhet... og hensynet til lokalmiljøet for øvrig".

Heradsstyret mener at Knutepunktet er et bygg for hjelpetiltak og at beliggenheten til Eyye inne i dette bygget ikke er forenelig med stedes karakter. Heradsstyret ønsker at dette bygget skal forbli et samlingspunkt (knutepunkt) for våre viktigste hjelpetiltak og ikke et sted for servering av alkohol.

Innbyggere som skal til Knutepunktet vil normalt gå forbi mange steder med skjenkeløyve på sin vei til bygget. I Vangsgata er det mange steder med skjenkeløyve og nabobygget til Knutepunktet er et hotell, også med løyve til å servere alkohol. Men Knutepunktet ønsker vi skal være "øyen" midt i dette som skal beholdes som et fristed fra den atmosfæren en restaurant med alkoholservering gir. Det finnes ingen andre tilsvarende bygg på Voss. Heradstyret ønsker å beholde byggets egenart og ikke blande det med annen næringsdrift, minst av alt alkoholservering. Å gi et avslag i dette lokalet vil ha liten eller ingen annen presedens for tidligere eller kommende søknader om skjenkeløyve siden det ikke er lignende bygg i kommunen. Men hvis det er lignende bygg i vår kommune vil dette vedtaket være retningsgivende for skjenkesøknader til slike bygg.

Hvis vi hadde gitt Eyye skjenkeløyvet i dette bygget vil det skape presedens for eventuelle andre søkere på samme sted. Nå gjelder søknaden en restaurant. Neste søknad kan være et helt annet konsept som det kan være vanskeligere å avslå uten å forskjellsbehandle søkerne.

Eyye har søkt om rettighet til å servere alle typer alkohol, samt ha servering både ute og inne. Det sier selv at de vil sette opp hindringer for innsyn.

I Knutepunktet er det mange tiltak for barn og unge. Voss herad sin Alkoholpolitisk retningslinjer pkt 4.3 sier at skjenkeløyve hvor det er aktiviteter for barn- og unge i nærheten skal "vurderast særskilt". Barn og unge må ikke gå gjennom restauranten for å komme til de andre tjenestene i bygget, men de aller fleste vil passere restauranten. Skjerming vil ikke hindre opplevelsen av å passere en restaurant. Lokalet har gulv-til-tak-vinduer, samt at uteservering vil neppe skje bak høye og tette vegger siden gjestene sikkert vil både se utsikten og kjenne på sola. Atmosfæren og stemningen på en restaurant hvor folk drikker alkohol er ikke forenlig med byggetes andre innhold. Barn og unge vil ha blande følelser til bygget, samt økt eksponering når de passerer. Fra Eyye har man utsyn over trappa opp til hovedinngangen. Det er få eller ingen som bruker den trappa annet enn å komme til eller fra en av tjenestene til Knutepunktet.

Det er i tillegg mange andre sårbare mennesker som skal til og fra dette bygget. Oasen, et aktivitetssenter for innbyggere med psykiske utfordringer, ligger på samme plan og vegg i vegg med Eyye. Både de som er der på tiltak og alle som skal til og fra deres lokaler på gå tett forbi restauranten for å komme til Oasen. Brukerne vil også måtte gå rundt hele restauranten for å komme inn i resten av bygget. Dette siste illuderer hvor annerledes og feilplassert en restaurant med alkoholservering er i Knutepunktet. I tillegg har rus- og psykiatritjenesten aktiviteter for sine brukere langt utover vanlig kontortid.

I følge Alkoholpolitiske retningslinje pkt 3.4.2. kan det gis skjenkeløyve "der kommunen meiner staden sin karakter tilstier at servering av brennevin er forsvarleg". Heradsstyret mener at det ikke er ønskelig og forsvarlig å servere brennevin med samme argument som over.

Skjenkeløyve med innskrenkninger, foreslått av Bridget Penny, Raudt

1. Eyye AS med org. nummer: 934556283 får skjenkeløyve frå 05.02.26 til 30.09.28

2. Løyvet vert gjeve i tråd med gjeldande reglar i alkoholpolitiske retningslinjer og generelle skjenketider slik:

Stad:	Gruppe:	Frå tidspunkt	Til tidspunkt
Inne	1-2	Kl. 10:00	Kl. 02:30
Inne	3	Kl. 13:00	Kl. 01:00
Ute Helg	1-2	Kl. 16:00 Kl. 12:00	Kl. 01:00
Ute Helg	3	Kl. 16:00 Kl. 13:00	Kl. 01:00

3. I samsvar med Alkohollova § 4-7 og Voss herad sine alkoholpolitiske retningslinjer skal skjenkeløyvet nyttast slik det går fram av løyvedokument og dei lovar og reglar som til ei kvar tid gjeld for skjenking av alkoholholdig drikke.

4. Skjenkestaden ved skjenkestyrar, pliktar å delta i programmet Ansvarlig alkoholhandtering som har til hensikt å redusera overskjenking, samt bråk og uro knytt til skjenkestaden. I dette vilkåret ligg det også eit pålegg om å inngå samarbeid med Voss politistasjonsdistrikt med mål om å setja i verk tiltak av førebyggjande karakter for å redusera talet på valdsepisodar og andre ikkje ynskta hendingar.

5. Internkontroll som sikrar omsynet til og skjerming av barn og unge på ein best mogeleg måte må på plass før opning.

Brukarar av tenestene i bygget skjermast ved at skjenking ute vert tillatt ettermiddag/kveld og helg.

6. Presisering når det gjeld vilkåra i Alkoholpolitiske retningslinjer § 4.3 Aktivitet for barn og unge : Aktivitetane skal ha born og unge som eigen målgruppe og vera særleg tilrettelagt for desse.

Skjenkestyrar:	Øzer Anli	F: 17.04.1976
Avløysar:		

Avløysar må vera på plass innan 6 månader.

Røysting:

Utval for Kultur og næring røysta over Rådmannen sitt framlegg til vedtak opp mot Håvard Skattum (SV) sitt framlegg til vedtak.

Håvard Skattum (SV) sitt framlegg fekk to stemmer og fall (Håvard Skattum (SV) og Øystein Måkestad (KRF))

Utval for Kultur og næring røysta over Brigdet Penny (R) sitt endringsframlegg . Framlegget vart vedteke med seks stemmer mot stemmene til Stein Helge Mandelid (AP), Terje Eide (INP) og Katrine Matthiessen (H).

Rådmannen sitt framlegg, med Brigdet Penny sine endringar i punkt 2 og nytt punkt 6, vart vedteke.

UKN - 03/26 Vedtak

1. Eyye AS med org. nummer: 934556283 får skjenkeløyve frå 05.02.26 til 30.09.28

2. Løyvet vert gjeve i tråd med gjeldande reglar i alkoholpolitiske retningslinjer og generelle skjenketider slik:

Stad:	Gruppe:	Frå tidspunkt	Til tidspunkt
Inne	1-2	Kl. 10:00	Kl. 02:30
Inne	3	Kl. 13:00	Kl. 01:00
Ute Helg	1-2	Kl. 16:00 Kl. 12.00	Kl. 01:00
Ute Helg	3	Kl. 16:00 Kl. 13:00	Kl. 01:00

3. I samsvar med Alkohollova § 4-7 og Voss herad sine alkoholpolitiske retningslinjer skal skjenkeløyvet nyttast slik det går fram av løyvedokument og dei lovar og reglar som til ei kvar tid gjeld for skjenking av alkoholholdig drikke.

4. Skjenkestaden ved skjenkestyrar, pliktar å delta i programmet Ansvarlig alkoholhandtering som har til hensikt å redusera overskjenking, samt bråk og uro knytt til skjenkestaden. I dette vilkåret ligg det også eit pålegg om å inngå samarbeid med Voss politistasjonsdistrikt med mål om å setja i verk tiltak av førebyggjande karakter for å redusera talet på valdsepisodar og andre ikkje ynskte hendingar.

5. Internkontroll som sikrar omsynet til og skjerming av barn og unge på ein best mogeleg måte må på plass før opning.

Brukarar av tenestene i bygget skjermast ved at skjenking ute vert tillatt ettermiddag/kveld og helg.

6. Presisering når det gjeld vilkåra i Alkoholpolitiske retningslinjer § 4.3 Aktivitet for barn og unge : Aktivitetane skal ha born og unge som eigen målgruppe og vera særleg tilrettelagt for desse.

Skjenkestyrar:	Øzer Anli	F: 17.04.1976
----------------	-----------	---------------

Avløysar:		
-----------	--	--

Avløysar må vera på plass innan 6 månader.

Saksordførar Håvard Skattum (SV)

Utval for levekår 28.01.2026

Handsaming

Endringsframlegg, foreslått av Siri Stuve Elvatun , Senterpartiet

Utval for levekår stør oppunder innstillinga frå Utval for kultur og næring med fylgjande tilleggspunkt:

1. Grense og avskjerming på uteservering blir satt til å flukte med kortvegg på bygget og ikkje slik som det kjem fram frå teikningar.
Uteservering kan ikkje tas i bruk før skjerming er på plass. Skjerming skal være fysisk utforma slik at det ikkje er innsyn/utsyn til Oasens inngang og elles etter Voss herad sine alkoholpolitiske retningslinjer 4.3.2 kulepunkt 4.
2. Ved endring i driftskonsept skal det søkjast om nytt løyve.
3. Innan ein månad, Jmfr §1-7 c så skal det vera utnevnt både styrar og stedfortredar, godkjent av bevilgningsmyndigheit.

Utval for levekår røysta over tilleggsframlegg fremja av Siri Stuve Elvatun, samrøystes vedteke med 8 røyster.

Utval for levekår røysta over innstillinga frå Utval for kultur og næring med tilleggsframlegg som vedteke over, samrøystes vedteke med 8 røyster.

LEV - 04/26 Vedtak

Utval for levekår stør oppunder innstillinga frå Utval for kultur og næring med fylgjande 3 tilleggspunkt frå levekår:

1. Grense og avskjerming på uteservering blir satt til å flukte med kortvegg på bygget og ikkje slik som det kjem fram frå teikningar.
Uteservering kan ikkje tas i bruk før skjerming er på plass. Skjerming skal være fysisk utforma slik at det ikkje er innsyn/utsyn til Oasens inngang og elles etter Voss herad sine alkoholpolitiske retningslinjer 4.3.2 kulepunkt 4.
2. Ved endring i driftskonsept skal det søkjast om nytt løyve.
3. Innan ein månad, Jmfr §1-7 c så skal det vera utnevnt både styrar og stedfortredar, godkjent av bevilgningsmyndigheit.

1. Eyye AS med org. nummer: 934556283 får skjenkeløyve frå 05.02.26 til 30.09.28

2. Løyvet vert gjeve i tråd med gjeldande reglar i alkoholpolitiske retningslinjer og generelle skjenketider slik:

Stad:	Gruppe:	Frå tidspunkt	Til tidspunkt
Inne	1-2	Kl. 10:00	Kl. 02:30
Inne	3	Kl. 13:00	Kl. 01:00
Ute Helg	1-2	Kl. 16:00 Kl. 12:00	Kl. 01:00
Ute Helg	3	Kl. 16:00 Kl. 13:00	Kl. 01:00

3. I samsvar med Alkohollova § 4-7 og Voss herad sine alkoholpolitiske retningslinjer skal skjenkeløyvet nyttast slik det går fram av løyvedokument og dei lovar og reglar som til ei kvar tid gjeld for skjenking av alkoholholdig drikke.

4. Skjenkestaden ved skjenkestyrar, pliktar å delta i programmet Ansvarlig alkoholhandtering som har til hensikt å redusera overskjenking, samt bråk og uro knytt til skjenkestaden. I dette vilkåret ligg det også eit pålegg om å inngå samarbeid med Voss politistasjonsdistrikt med mål om å setja i verk tiltak av førebyggjande karakter for å redusera talet på valdsepisodar og andre ikkje ynskta hendingar.

5. Internkontroll som sikrar omsynet til og skjerming av barn og unge på ein best mogeleg måte må på plass før opning.

Brukarar av tenestene i bygget skjermast ved at skjenking ute vert tillatt ettermiddag/kveld og helg.

6. Presisering når det gjeld vilkåra i Alkoholpolitiske retningslinjer § 4.3 Aktivitet for barn og unge : Aktivitetane skal ha born og unge som eigen målgruppe og vera særleg tilrettelagt for desse.

Skjenkestyrar:	Øzer Anli	F: 17.04.1976
Avløysar:		

Avløysar må vera på plass innan 6 månader.

Saksordførar i HST, Håvard Skattum (SV)

Heradsstyret 05.02.2026

Handsaming

Avslag på skjenkeløyve til Eyye AS, foreslått av Håvard Skattum , Sosialistisk venstreparti

Forslag til vedtak:

Heradsstyret avslår søknaden om skjenkeløyve til Eyye AS med følgende begrunnelse:

Det er søkt om å få utøve skjenk av alkohol i et bygg hvor kommunen har lagt sine aller viktigste hjelpetiltak for innbyggere med behov for hjelp; PPT, barnevernet, kommunal legekontor, NAV og rus- og psykiatritjenesten. Eyye er en restaurant som ligger i byggets underetasje mens alle nevnte tjenestene ligger i etasjene over. Bygget har i tillegg til disse kommunale sosial-, helse- og omsorgstjenestene noen kontorplasser til Bane Nor, Helse Bergen og fylkeskommunen. Bygget heter Knutepunktet og er, og har vært, bygget vossingene kjenner som stedet man går til når man trenger hjelp til vanskelige ting i livet.

Etter Alkohollovenes § 1-7a kan kommunene ved vurderingen av skjenkeløyvet "legge vekt på ... stedes karakter, beliggenhet... og hensynet til lokalmiljøet for øvrig".

Heradsstyret mener at Knutepunktet er et bygg for hjelpetiltak og at beliggenheten til Eyye inne i dette bygget ikke er forenelig med stedes karakter. Heradsstyret ønsker at dette bygget skal forbli et samlingspunkt (knutepunkt) for våre viktigste hjelpetiltak og ikke et sted for servering av alkohol.

Innbyggere som skal til Knutepunktet vil normalt gå forbi mange steder med skjenkeløyve på sin vei til bygget. I Vangsgata er det mange steder med skjenkeløyve og nabobygget til Knutepunktet er et hotell, også med løyve til å servere alkohol. Men Knutepunktet ønsker vi skal være "øyen" midt i dette som skal beholdes som et fristed fra den atmosfæren en restaurant med alkoholservering gir. Det finnes ingen andre tilsvarende bygg på Voss. Heradsstyret ønsker å beholde byggets egenart og ikke blande det med annen næringsdrift, minst av alt alkoholservering. Å gi et avslag i dette lokalet vil ha liten eller ingen annen presedens for tidligere eller kommende søknader om skjenkeløyve siden det ikke er lignende bygg i kommunen. Men hvis det er lignende bygg i vår kommune vil dette vedtaket være retningsgivende for skjenkesøknader til slike bygg.

Hvis vi hadde gitt Eyye skjenkeløyvet i dette bygget vil det skape presedens for eventuelle andre søkere på samme sted. Nå gjelder søknaden en restaurant. Neste søknad kan være et helt annet konsept som det kan være vanskeligere å avslå uten å forskjellsbehandle søkerne.

Eyye har søkt om rettighet til å servere alle typer alkohol, samt ha servering både ute og inne. Det sier selv at de vil sette opp hindringer for innsyn.

I Knutepunktet er det mange tiltak for barn og unge. Voss herad sin Alkoholpolitisk retningslinjer pkt 4.3 sier at skjenkeløyve hvor det er aktiviteter for barn- og unge i nærheten skal "vurderast særskilt". Barn og unge må ikke gå gjennom restauranten for å komme til de andre tjenestene i bygget, men de aller fleste vil passere restauranten. Skjerming vil ikke hindre opplevelsen av å passere en restaurant. Lokalet har gulv-til-tak-vinduer, samt at uteservering vil neppe skje bak høye og tette vegger siden gjestene sikkert vil både se utsikten og kjenne på sola. Atmosfæren og stemningen på en restaurant hvor folk drikker alkohol er ikke forenlig med byggetes andre innhold. Barn og unge vil ha blande følelser til bygget, samt økt eksponering når de passerer. Fra Eyye har man utsyn over trappa opp til hovedinngangen. Det er få eller ingen som bruker den trappa annet enn å komme til eller fra en av tjenestene til Knutepunktet.

Det er i tillegg mange andre sårbare mennesker som skal til og fra dette bygget. Oasen, et aktivitetssenter for innbyggere med psykiske utfordringer, ligger på samme plan og vegg i vegg med Eyye. Både de som er der på tiltak og alle som skal til og fra deres lokaler må gå tett forbi restauranten for å komme til Oasen. Brukerne vil også måtte gå rundt hele restauranten for å komme inn i resten av bygget. Dette siste illuderer hvor annerledes og feilplassert en restaurant med

alkoholservering er i Knutepunktet. I tillegg har rus- og psykiatritjenesten aktiviteter for sine brukere langt utover vanlig kontortid.

I følge Alkoholpolitiske retningslinje pkt 3.4.2. kan det gis skjenkeløyve "der kommunen meiner staden sin karakter tilstier at servering av brennevin er forsvarleg". Heradsstyret mener at det ikke er ønskelig og forsvarlig å servere brennevin med samme argument som over.

Alternativt framlegg til vedtak, foreslått av Benedicte Kragh, Arbeiderpartiet

1. Eyye AS med org. nummer: 934556283 får skjenkeløyve frå 05.02.26 til 30.09.28
2. Løyvet vert gjeve i tråd med gjeldande reglar i alkoholpolitiske retningslinjer og generelle skjenketider slik:

Stad:	Gruppe:	Frå tidspunkt	Til tidspunkt
Inne	1-2	Kl. 10:00	Kl. 01:00
Inne	3	Kl. 13:00	Kl. 01:00
Ute kvardag	1-2	Kl. 16:00	Kl. 01:00
Ute kvardag	3	Kl. 16:00	Kl. 01:00
Ute helg	1-2	Kl.12.00	Kl. 01.00
Ute helg	3	Kl.13.00	Kl. 01.00

3. I samsvar med Alkohollova § 4-7 og Voss herad sine alkoholpolitiske retningslinjer skal skjenkeløyvet nyttast slik det går fram av løyvedokument og dei lovar og reglar som til ei kvar tid gjeld for skjenking av alkoholholdig drikke.

4. Skjenkestaden ved skjenkestyrar, pliktar å delta i programmet Ansvarlig alkoholhandtering som har til hensikt å redusera overskjenking, samt bråk og uro knytt til skjenkestaden. I dette vilkåret ligg det også eit pålegg om å inngå samarbeid med Voss politistasjonsdistrikt med mål om å setja i verk tiltak av førebyggjande karakter for å redusera talet på valdsepisodar og andre ikkje ynskta hendingar.

5. Internkontroll som sikrar omsynet til og skjerming av barn og unge på ein best mogeleg måte må på plass før opning.

Brukarar av tenestene i bygget skjermast ved at skjenking ute vert tillatt ettermiddag/kveld og helg.

6. Presisering når det gjeld vilkåra i Alkoholpolitiske retningslinjer § 4.3 Aktivitet for barn og unge i nærleiken av skjenkeløyve skal vurderast særskilt. Dette driftskonseptet er vurdert opp mot dette vilkåret og får innvilga løyve.

Tilleggspunkt som føl løyvet :

- Grense og avskjerming på uteservering blir satt til å flukte med kortvegg på bygget og ikkje slik som det kjem fram frå teikningar.
- Uteservering kan ikkje tas i bruk før skjerming er på plass. Skjerming skal være fysisk utforma slik at det ikkje er innsyn/utsyn til Oasens inngang og elles etter Voss herad sine alkoholpolitiske retningslinjer 4.3.2 kulepunkt 4.
- Ved endring i driftskonsept skal det søkjast om nytt løyve.
- Innan tre månader, Jmfr Alkohollova §1-7 c

Skjenkestyrar:	Øzer Anli	F: 17.04.1976
Avløysar:		

Avløysar må vera på plass innan 3 månader.

Grunngjeving :

Voss herad har etter ei samla og konkret vurdering kome til at skjenketid fram til kl. 01.00 er formålstenleg for verksemda på noverande tidspunkt.

Verksemda er ein restaurant. Det er naturleg at alkohol vert servert i lag med matservering. Kjøkkenet stenger før midnatt, og med det vurderer ein at skjenketid til kl. 01.00 er i samsvar med alkohollova sitt formål. Vedtaket framstår som forholdsmessig og innanfor kommunen sitt frie skjønn.

Ved vurderinga er det lagt vekt på omsynet til beliggenhet, ro, orden og tryggleik, jf. alkohollova sitt formål om å avgrense alkoholrelaterte skadeverknader, samt heradet sine alkoholpolitiske retningslinjer.

Verksemda er nystarta og har difor ikkje driftshistorikk å vise til.

Verksemda er lokalisert i Knutepunktet, eit bygg og område som også rommar kommunale tenester retta mot sårbare grupper. Heradet vurderer det som viktig å sikre at desse tenestene kan nyttast i ei ramme som opplevast trygg, føreseieleg og skjerna, også på kveldstid.

Samstundes ønskjer heradet å leggje til rette for eit seriøst og berekraftig serveringstilbod, og legg vekt på dialog og samarbeid mellom næringsdrivande, politiske organ og heradet for å finne gode løysingar som balanserer næringsutvikling og samfunnsomsyn.

Fastsett skjenketid vert vurdert som ein rimeleg og forholdsmessig balanse mellom desse omsyna. Heradet presiserer at søkar ikkje har rettskrav på maksimal skjenketid, og at skjenketid vert fastsett etter ei skjønnsmessig vurdering.

Heradsstyret røysta over framlegg til vedtak frå Håvard Skattum, Sv, framlegget fall med 39 røyster mot 4 røyster (Håvard Skattum, Sv, Øystein Måkestad, Krf, Siri Stuve Elvatun, Sp, Kari Sætren Bondevik, H).

Heradsstyret røysta over framlegg til vedtak frå May Røssland, Ap (lagt inn av Benedicte Kragh), framlegget vart samrøystes vedteke.

1. Eyye AS med org. nummer: 934556283 får skjenkeløyve frå 05.02.26 til 30.09.28
2. Løyvet vert gjeve i tråd med gjeldande reglar i alkoholpolitiske retningslinjer og generelle skjenketider slik:

Stad:	Gruppe:	Frå tidspunkt	Til tidspunkt
Inne	1-2	Kl. 10:00	Kl. 01:00
Inne	3	Kl. 13:00	Kl. 01:00
Ute kvardag	1-2	Kl. 16:00	Kl. 01:00
Ute kvardag	3	Kl. 16:00	Kl. 01:00
Ute helg	1-2	Kl. 12:00	Kl. 01:00
Ute helg	3	Kl. 13:00	Kl. 01:00

3. I samsvar med Alkoholova § 4-7 og Voss herad sine alkoholpolitiske retningslinjer skal skjenkeløyvet nyttast slik det går fram av løyvedokument og dei lovar og reglar som til ei kvar tid gjeld for skjenking av alkoholholdig drikke.

4. Skjenkestaden ved skjenkestyrar, pliktar å delta i programmet Ansvarlig alkoholhandtering som har til hensikt å redusera overskjenking, samt bråk og uro knytt til skjenkestaden. I dette vilkåret ligg det også eit pålegg om å inngå samarbeid med Voss politistasjonsdistrikt med mål om å setja i verk tiltak av førebyggjande karakter for å redusera talet på valdsepisodar og andre ikkje ynskte hendingar.

5. Internkontroll som sikrar omsynet til og skjerming av barn og unge på ein best mogeleg måte må på plass før opning.

Brukarar av tenestene i bygget skjermast ved at skjenking ute vert tillatt ettermiddag/kveld og helg.

6. Presisering når det gjeld vilkåra i Alkoholpolitiske retningslinjer § 4.3 Aktivitet for barn og unge i nærleiken av skjenkeløyve skal vurderast særskilt. Dette driftskonseptet er vurdert opp mot dette vilkåret og får innvilga løyve.

Tilleggspunkt som føl løyvet :

- Grense og avskjerming på uteservering blir satt til å flukte med kortvegg på bygget og ikkje slik som det kjem fram frå teikningar.
- Uteservering kan ikkje tas i bruk før skjerming er på plass. Skjerming skal være fysisk utforma slik at det ikkje er innsyn/utsyn til Oasens inngang og elles etter Voss herad sine alkoholpolitiske retningslinjer 4.3.2 kulepunkt 4.
- Ved endring i driftskonsept skal det søkjast om nytt løyve.
- Innan tre månader, Jmfr Alkoholova §1-7 c

Skjenkestyrar:	Øzer Anli	F: 17.04.1976
Avløysar:		

Avløysar må vera på plass innan 3 månader.

Grunngjeving :

Voss herad har etter ei samla og konkret vurdering kome til at skjenketid fram til kl. 01.00 er formålstenleg for verksemda på noverande tidspunkt.

Verksemda er ein restaurant. Det er naturleg at alkohol vert servert i lag med matservering. Kjøkkenet stenger før midnatt, og med det vurderer ein at skjenketid til kl. 01.00 er i samsvar med alkohollova sitt formål. Vedtaket framstår som forholdsmessig og innanfor kommunen sitt frie skjønn.

Ved vurderinga er det lagt vekt på omsynet til beliggenhet, ro, orden og tryggleik, jf. alkohollova sitt formål om å avgrense alkoholrelaterte skadeverknader, samt heradet sine alkoholpolitiske retningslinjer.

Verksemda er nystarta og har difor ikkje driftshistorikk å vise til.

Verksemda er lokalisert i Knutepunktet, eit bygg og område som også rommar kommunale tenester retta mot sårbare grupper. Heradet vurderer det som viktig å sikre at desse tenestene kan nyttast i ei ramme som opplevast trygg, føreseieleg og skjerma, også på kveldstid.

Samstundes ønskjer heradet å leggje til rette for eit seriøst og berekraftig serveringstilbod, og legg vekt på dialog og samarbeid mellom næringsdrivande, politiske organ og heradet for å finne gode løysingar som balanserer næringsutvikling og samfunnsomsyn.

Fastsett skjenketid vert vurdert som ein rimeleg og forholdsmessig balanse mellom desse omsyna. Heradet presiserer at søkar ikkje har rettskrav på maksimal skjenketid, og at skjenketid vert fastsett etter ei skjønnsmessig vurdering.

08/26 Busetting av flyktningar 2026

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Voss herad tek imot inntil 50 flyktningar – derav 3 er einslege mindreårige flyktningar og 47 ordinære flyktningar i år 2026.

Vedtak som innstilling frå Innvandrarråd, 26.01.2026 - 03/26

Voss herad tek imot inntil 50 flyktningar – derav 3 er einslege mindreårige flyktningar og 47 ordinære flyktningar i år 2026.

Vedtak som innstilling frå Utval for levekår, 28.01.2026 - 03/26

Voss herad tek imot inntil 50 flyktningar – derav 3 er einslege mindreårige flyktningar og 47 ordinære flyktningar i år 2026.

Saksordførar i HST, May Røssland

Vedtak som innstilling frå Formannskapet, Plan og økonomi, 29.01.2026 - 06/26

Voss herad tek imot inntil 50 flyktningar – derav 3 er einslege mindreårige flyktningar og 47 ordinære flyktningar i år 2026.

Saksordførar i HST, May Røssland

Innvandrarråd 26.01.2026

Handsaming

Samrøystes vedteke.

INV - 03/26 Vedtak

Voss herad tek imot inntil 50 flyktningar – derav 3 er einslege mindreårige flyktningar og 47 ordinære flyktningar i år 2026.

Utval for levekår 28.01.2026

Handsaming

Utval for levekår røysta over rådmannen sitt framlegg til vedtak, samrøystes vedteke med 8 røyster.

LEV - 03/26 Vedtak

Voss herad tek imot inntil 50 flyktningar – derav 3 er einslege mindreårige flyktningar og 47 ordinære flyktningar i år 2026.

Saksordførar i HST, May Røssland

Formannskapet, Plan og økonomi 29.01.2026

Handsaming

Formannskap, plan og økonomi røysta over Utval for levekår sitt framlegg til vedtak, samrøystes vedteke.

FPL - 06/26 Vedtak

Voss herad tek imot inntil 50 flyktningar – derav 3 er einslege mindreårige flyktningar og 47 ordinære flyktningar i år 2026.

Saksordførar i HST, May Røssland

Heradsstyret 05.02.2026

Handsaming

Heradsstyret røysta over formannskap, plan og økonomi si innstilling, samrøystes vedteke.

HST - 08/26 Vedtak

Voss herad tek imot inntil 50 flyktningar – derav 3 er einslege mindreårige flyktningar og 47 ordinære flyktningar i år 2026.

09/26 Søknad om permisjon frå folkevalde verv

Leiar i valnemda sitt framlegg til vedtak:

1. Jens Håkon Slettemark Birkeland, V, får innvilga permisjon jamfør kommunelova § 7-9 andre ledd, i perioden 15.01.2026 - 30.06.2026
2. Heradsstyret innstiller på naturleg opprykk på venstre si varaliste til Heradsstyret og i Valnemda for fritaksperioden.
3. Heradsstyret vel ny nestleiar til Kontrollutvalet for fritaksperioden , etter innstilling frå valnemda.

Heradsstyret 05.02.2026

Handsaming

Innstilling frå valnemda, foreslått av Tonje Ljones Såkvitne, Senterpartiet

Jens Håkon Birkeland, V, får innvilga permisjon jamfør kommunelova § 7-9 andre ledd, i perioden 15.01.2026 - 30.06.2026.

1. Vara representant i heradsstyret, for Venstre i permisjonsperioden, Leif Helge Vevatne (naturleg opprykk av varamedlem i rekkje)
2. Vara medlem i valnemda for Venstre i permisjonsperioden, Leif Helge Vevatne (naturleg opprykk av varamedlem i rekkje)
3. Nestleiar i kontrollutvalet i permisjonsperioden, Knut Opheim, INp. I permisjonsperioden går Eivind Eidhammer, V, inn som medlem av kontrollutvalet.

Heradsstyret røysta over framlegg til vedtak frå Tonje Ljones Såkvitne, Sp, om å gje Jens Håkon Birkeland, V, permisjon, og valnemnda sitt framlegg til vedtak, samrøystes vedteke.

HST - 09/26 Vedtak

Jens Håkon Birkeland, V, får innvilga permisjon jamfør kommunelova § 7-9 andre ledd, i perioden 15.01.2026 - 30.06.2026.

1. Vara representant i heradsstyret, for Venstre i permisjonsperioden, Leif Helge Vevatne (naturleg opprykk av varamedlem i rekkje)
2. Vara medlem i valnemnda for Venstre i permisjonsperioden, Leif Helge Vevatne (naturleg opprykk av varamedlem i rekkje)
3. Nestleiar i kontrollutvalet i permisjonsperioden, Knut Opheim, INp. I permisjonsperioden går Eivind Eidhammer, V, inn som medlem av kontrollutvalet.

10/26 Årsmelding 2025

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Årsmelding 2025 for Heradsstyret vert vedteken slik den ligg vedlagt.

Heradsstyret 05.02.2026

Handsaming

Heradsstyret røysta over rådmannen sitt framlegg til vedtak, samrøystes vedteke.

HST - 10/26 Vedtak

Årsmelding 2025 for Heradsstyret vert vedteken slik den ligg vedlagt.

13/26 Forvaltningsrevisjonsrapport frå Kontrollutvalet, om økonomistyring i Voss herad

Kontrollutvalet sitt framlegg til vedtak:

Heradsstyret bed om at tilrådingane i rapporten vert fylgt opp og vurdert nærare av administrasjonen i det vidare arbeidet med å sikra god rapportering og økonomistyring i Voss herad.

Heradsstyret 05.02.2026

Handsaming

Utsetjingsframlegg, foreslått av Tonje Ljones Såkvitne, Senterpartiet

Heradsstyret utset saka til neste møte.

Heradsstyret røysta over framlegg til utsetjing frå Tonje Ljones Såkvitne, Sp, samrøystes vedteke.

HST - 13/26 Vedtak

Heradsstyret utset saka til neste møte.

11/26 Samlesak for referatsaker

Referatsakene vert tatt til orientering.

Heradsstyret 05.02.2026

Handsaming

Samrøystes vedteke.

HST - 11/26 Vedtak

Referatsakene vert tatt til orientering.

12/26 Ymse

Handsaming

HST - 12/26 Vedtak

01/26 Interpellasjon seniorpolitikk v/Knut Opheim, INP

Seniorpolitikk og tiltak for å halda på personale i Voss herad

Det har i fleire heradsstyremøte vore fokus på personalmangel og rekruttering i Voss Herad.

Eg vil difor be om ein status på:

1. Kva seniorpolitikk Voss herad har i dag, og kva konkrete tiltak som er etablerte for å leggja til rette for at seniorar kan stå lenger i arbeid.
2. Korleis desse tiltaka blir nytta i praksis, og om heradet har oversikt over effekten av dei.
3. Kva andre tiltak Voss herad har for å halda på naudsynt og erfarent personale generelt. (Hindra turnover.)
4. Om rådmann ser behov for å vidareutvikla eller styrkja innsatsen på dette området framover.

Eg ynskjer at heradsstyret får høve til ein breiare politisk diskusjon om korleis Voss herad best kan kombinera rekruttering av nye medarbeidarar med målretta arbeid for å behalda kompetansen me alt har.

Heradsstyret 05.02.2026

Handsaming

Svar frå Ordførar og alternativt framlegg til vedtak, foreslått av Tonje Ljones Såkvitne, Senterpartiet

Ordførar har fått hjelp til administrasjonen med å svara ut spørsmåla, og har fylgjande å melda tilbake på det grunngjevne spørsmålet:

1. **Kva seniorpolitikk Voss herad har i dag, og kva konkrete tiltak som er etablerte for å leggja til rette for at seniorar kan stå lenger i arbeid.**

Svar:

Voss herad sin seniorpolitikk vart vedteken i administrasjonsutvalet 2021.

Voss herad har som overordna mål å behalda kompetente arbeidstakarar som er motiverte og difor har lyst å stå lenge i jobben

Tiltak p.t.

Individuell medarbeidersamtale mellom tilsett og leiar med seniorperspektiv.

Kurs med KLP/SPK eller anna pensjonsrelaterte tema/partnerar

Individuell pensjonssamtale med KLP

2. Korleis desse tiltaka blir nytta i praksis, og om heradet har oversikt over effekten av dei.

Svar:

Alle tilsette skal ha årlege medarbeidersamtalar, dei tilsette over 60 år skal ha tilbod om medarbeidersamtale med seniorperspektiv.

Mål for samtalen er å kartleggje ynske, ambisjonar, framtidsplanar og eventuelle kompetansebehov. Fokus er retta mot ei ønska jobbframtid som er realistisk, både for medarbeidar og verksemd.

3. Kva andre tiltak Voss herad har for å halda på naudsynt og erfarent personale generelt. (Hindra turnover.)

Svar:

- Aktuelle tiltak som vert vurdert
 - o endra arbeidstidsordning
 - o jobbrotasjon
 - o kompetanseutvikling
 - o tilrettelegging av fysisk arbeidsmiljø
 - o andre arbeidsoppgåver
 - o mentor-oppgåver
 - o informasjonsoverføring
 - o fleksibel arbeidstid
 - o moglegheit for heimekontor
- tilsette som går av med alderspensjon kan, kan etter dagens pensjonsordning, arbeide på pensjonistløn utan avkorting i pensjon

4. Om rådmann ser behov for å vidareutvikla eller styrkja innsatsen på dette området framover.

Svar:

Det ynskjer rådmann.

- kommunen skal ha ein seniorpolitikk, dette er heimla i hovudtariffavtalen.

- seniorpolitikken er under revidering.
- heradet ynskjer å vurdere moglegheita for å utvikle ein livsfasepolitikk for kommunen, og ser i den samanhengen på korleis seniorpolitikken kan integrerast i dette arbeidet.
- sak er planlagt fremja hausten 2026
- dagens pensjonsordning bidreg monaleg til at tilsette som står lengre i jobb får høgare yting/pensjon. Den alminnelege aldersgrensa er flytta frå 70 til 72 år.

Eg ynskjer at heradsstyret får høve til ein breiare politisk diskusjon om korleis Voss herad best kan kombinera rekruttering av nye medarbeidarar med målretta arbeid for å behalda kompetansen me alt har.

Svar frå ordførar:

I interpellasjon i heradsstyret 11.12.2025 vart det vedteke at formannskap, plan og økonomi får presentasjon om rekrutteringstiltak dei to siste åra den 15. oktober 2026. I sak om strategi for helse og omsorg i same møte, vart det vedteke at heradsstyret ynskjer at arbeidet med målet om å "Behalda, rekruttera og utvikla medarbeidarar, trygge tilsette, sterke tenester" vert følgd opp av Administrasjonsutvalet.

I staden for ei eiga sak til heradsstyret om korleis Voss herad best kan kombinera rekruttering av nye medarbeidarar med målretta arbeid for å behalda kompetansen, er forslaget å sjå desse i samanheng for å forenkla arbeidet med oppfølging.

Vedtaka i interpellasjonen og vedtaket frå strategi for helse og omsorg i desember 2025, vert det arbeidd vidare med i formannskap og administrasjonsutval.

Ordførar sitt framlegg til vedtak:

Heradsstyret tek interpellasjonen til vitande. Arbeidet til administrasjonsutvalet med å fylgja opp målet om å "Behalda, rekruttera og utvikla medarbeidarar, trygge tilsette, sterke tenester", vil verta fylgd opp i tråd med delegeringsreglementet til Voss herad.

Heradsstyret røysta over ordførar sitt framlegg til vedtak, samrøystes vedteke med 42 røyster.

HST - 01/26 Vedtak

Heradsstyret tek interpellasjonen til vitande. Arbeidet til administrasjonsutvalet med å fylgja opp målet om å "Behalda, rekruttera og utvikla medarbeidarar, trygge tilsette, sterke tenester", vil verta fylgd opp i tråd med delegeringsreglementet til Voss herad.

01/26 Grunngjeve spørsmål - Ny traktorveg til Grungane v/Håvard Skattum, SV

Ny traktorvei på Grungane opp til politisk behandling?

Ordfører har i lokalavisa antydnet at vedtak om å innvilge bygging av traktorvei i Grungane

skal løftes til politisk behandling. Voss SV ber om svar på disse spørsmålene:

- Vil saken bli lagt fram for politisk handsaming?
- Når og for hvilket politisk nivå vil saken eventuelt bli lagt fram?
- Hva er hjemmel og grunnlaget for at denne saken eventuelt blir lagt fram for politisk behandling?

Mange instanser har ønsket å gi innspill i denne saken. Det framstår som at heradet kun har varslet og bedt om innspill fra tilstøtende grunneiere, fylket og Statsforvalter. Andre interessenter som Naturvernlaget, Utfirdslaget, Sogelaget m.m. har kun fått vite om saken gjennom grunneiere og/eller gjennom media.

- Kan rådmannen forklare hvordan høringer i slike saker gjennomføres, deriblant vurderingen om hvem man ber om høring fra, jf. Forskrift om planlegging og godkjenning av landbruksveier §3-1 (som også viser til §1-1)?

Heradsstyret 05.02.2026

Handsaming

Svar frå Ordførar, foreslått av Tonje Ljones Såkvitne, Senterpartiet

Handsaming av landbruksvegar følgjer ein eigen fast prosess. Kort fortalt inneheld denne prosessen følgjande element:

1. Mottatt søknad,
2. Vurdera om søknadspliktig
3. Vurdera kva type lovverk, føresegner landbruksveg eller Plan- og bygningslova
4. Kontroll av søknad inkludert ev henta inn tilleggsopplysningar
5. Høyringsrunde, både intern og ekstern (til faste aktørar: Statens vegvesen, Statsforvaltar, NVE, Jernbaneverket, Kulturminneforvaltning, og internt til plan, drift, klima og miljø og kulturminne)
6. Vurdering av korleis saka skal handsamast, dvs. administrativt eller politisk. Dette kan òg verta gjort tidleg i saka, dersom det er gode grunnar til det.
7. Den fagleg vurderinga av saka
8. Vedta eller innstille til vedtak
9. Sluttkontroll og ferdiggodkjenning.

Ingen av desse sakene er heilt like, og i enkelte tilfelle vil det og vera aktuelt å henta inn innspel frå fleire aktørar. Det er eit godt stykke uti prosessen (punkt 6) at det vert tatt stilling til om ei sak skal til politisk handsaming eller ikkje. Det kan vera grunnen til at ulike aktørar ikkje har høyrte om saka det vert spurt om, sjølv om den har vore på høyring internt og eksternt til faste aktørar.

For å få sakshandsaminga best mogleg, har administrasjonen oppdatert arbeidsprosessen til denne type saker. Ein viktig grunn til det er å vera trygg på at alle relevante interesser er tatt omsyn til. Om ynskjeleg, kan det orienterast om desse prosessane og regelverket i aktuelle utval.

Når det gjeld det aktuelle saka, er administrasjonen si vurdering at omfang, historikk og ulike interesser i saka talar for at den kjem til politisk handsaming dersom den kjem så langt at det skal fattast vedtak. Heimelsgrunnlag med meir vil då koma fram i saka. Denne vurderinga står ordførar. Ei eventuell politisk sak vil verta oppmeldt til aktuelle politiske organ i tråd med praksis og politisk organisering i Voss herad. Utvalsteiarar og ordførar set sakslista til møta, og får oversikt over alle dei oppmelde sakene til kvar møtebol. I planlegging av møter gjer møtelei ar vurderingar knytt til sakslista i tråd med delegeringsreglement, politisk organisering og praksis.

HST - 01/26 Vedtak

02/26 Grunngjeve spørsmål - Ladestasjon Elfly v/Samson Hamre, Sp

Elflyutvikling på Bømoen.

Elflyutviklinga går raskt framover. Det er fleire gode grunnar til at det er ynskjeleg med overgang til elfly i flyaktiviteten på Bømoen. Elfly vil bedra situasjonen kring flystøy vesenteleg, det vil også ta ned Co2 utsleppa.

Ein kan også sjå for seg ei kommersiell utvikling med taxifly/ persontransport med elfly for næringsliv og turisme på Voss.

1. Kva kan Voss herad gjera for å sikra ladestasjon for elfly på Bømoen?
2. I kva tidsperspektiv ser ein for seg at slik infrastruktur er på plass?

Heradsstyret 05.02.2026

Handsaming

Svar frå Ordførar, foreslått av Tonje Ljones Såkvitne, Senterpartiet

Spørsmål rundt lading av el-fly på Bømoen bør vera eit element i detaljreguleringsplan. I ein slik plan vil alle tilhøve rundt drift og infrastruktur for flyplassen verta vurdert. Gjennom den prosessen vil det og verta avklart kva tiltak som må gjerast for å kunne levera tilstrekkeleg med energi til lading og kvar på flyplassen lading skal plasserast.

HST - 02/26 Vedtak

03/26 Grunngeve spørsmål - Husleige Aktiv Granvin v/David Inge Tveito og Sveinung Riber, H

Voss herad tilbyr frivillige lag- og organisasjonar som driv med organisert barne- og ungdomsaktivitet, gratis bruk av Bygdahuset i Granvin.

Aktiv Granvin har lagt til rette for aktivitet for born og unge, inkludert elevar frå Granvin barne- og ungdomsskule, lokale idrettslag, parautøvarar og ukrainske flyktningar utan kostnad. Aktiv Granvin har også samarbeid med Granvin Helselag, kriminalomsorga og støttekontaktordninga i Voss Herad. Bygdahuset har vore ein sentral møteplass for fysisk aktivitet og inkludering i Granvin. Aktiviteten omfattar treningstilbod for born og unge, folkehelsearbeid, integrering og rehabilitering. I tillegg har Aktiv Granvin og frivillige lagt ned om lag 9 000 dugnadstimar og gjort omfattande oppgraderingar og investeringar i utstyr og tilrettelegging, støtta av tildelingar frå Sparebankstiftinga Hardanger på ca. 1,1 million kroner.

I praksis har Aktiv Granvin og Sparebankstiftinga Hardanger pussa opp eit kommunalt bygg for å sikre moderne og inkluderande fasilitetar.

Aktiv Granvin stoppa å betale husleige i februar 2024 etter møte med Voss Herad og har i lang tid venta på å få avklaringar frå Heradet om ordninga med gratis husleige. 8. januar 2026 sendte Voss Herad e-post til Aktiv Granvin med krav om innbetaling av uteståande og ny leigekontrakt. I e-posten skriv Voss Herad at Aktiv Granvin ikkje fell under ordninga med gratis husleige, då Aktiv Granvin er ein organisasjon som tilbyr treningsfasilitetar mot betaling.

Grunngjeve spørsmål:

Me ber om utdypande forklaring og grunngjeving på kvifor Voss Herad meiner at Aktiv Granvin ikkje fell inn under ordninga med gratis husleige, med bakgrunn i alt Aktiv Granvin gjer nevnt ovanfor, og som er utan kostnad for brukarane.

Heradsstyret 05.02.2026

Handsaming

Svar frå Ordførar, foreslått av Tonje Ljones Såkvitne, Senterpartiet

Ordførar har fått hjelp til administrasjonen med å svara ut spørsmåla, og har fylgjande å melda tilbake på det grunngjevne spørsmålet:

I samband med utarbeiding av ny avtale med Aktiv Granvin om bruk av Bygdahuset i Granvin, kom spørsmålet om Gratis leige for barn og unge opp som tema og dette vart svart i e-post til Aktiv Granvin av 8. januar slik:

«Heradstyret gjorde i sak 116/23 fylgjande vedtak:

«Kr. 600.000,- til gratis utleige av kommunale bygg og idrettsanlegg, for frivillige lag- og organisasjonar som driv med barne- og ungdomsaktivitet. Det skal takast høgde for folkehelseperspektivet og at etablerte private aktørar som legg til rette for aktivitet skal ha moglegheit til å leige hallen som tidlegare. Gratis utleige skal vere ei prøveordning på to år, og etter enda prøveperiode ynskjer ein innspel frå dei frivillige laga- og organisasjonane til å sei noko om tiltaket har

ført til auka aktivitet og lågare medlemskostnadar. Inndekninga skal skje gjennom å redusere avsetningar til dispensasjonsfond. Tiltak for 2 år. ”

På heradsstyremøte i desember 2025 vedtok politikarane å fortsetje med denne ordninga også for 2026.

Så lenge denne ordninga gjeld, ynskjer Voss herad å tilby frivillige lag- og organisasjonar som driv med organisert barne- og ungdomsaktivitet gratis bruk av Bygdahuset. For Hardanger Handbakkklubb betyr det gratis bruk av Bygdahuset til aktivitetane sine. Når det gjeld Aktiv Granvin så er dette ikkje eit idrettslag, men ein organisasjon som tilbyr treningsfasilitetar mot betaling. Som diskutert på møtet 10.12.2025 er Voss herad inneforstått med at de er ein viktig aktør i lokalsamfunnet og at dei tilbyr fleire tenester enn berre treningssenter. Dei har heller ikkje organisert aktivitet for born og unge. Det er likevel slik at så lenge det er eitt lokale som er sett av til treningssenteret så er det utfordrande å differensiera på kva som er eit reint treningssenter og kva som gjeld aktivitet til born og unge. Eksempelvis får Granvin IL kostnadsfri bruk av gymsal, medan dei må betale husleige for kontor/kafédel i Bygdahuset. Voss herad ynskjer å fortsetja leigeforholdet med Aktiv Granvin, men kan ikkje tilby dette kostnadsfritt

Presisering

Det vert presisert av ordninga med gratis leige av lokale til barn og unge, er avgrensa til lag- og organisasjonar sin faste, regelmessige organiserte aktivitet for barn og unge. Ordninga har ei avgrensa økonomisk ramme og er difor ikkje ei støtte til alle fasitetar som kan nyttast av barn og unge. Ordninga går til å dekke halleige til lag og organisasjonar som tidlegare måtte betale leige til Voss idrettshall, Vossabadet og Voss kulturhus. For å sikra likebehandling krev Voss herad ikkje leige av Hardanger Handbak Klubb sine treningar i Bygdahuset i Granvin.

HST - 03/26 Vedtak

04/26 Grunngjeve spørsmål - Tingretten v/Terje Eide, INP

Går framdrift av ombygging av lokale til tingretten som planlagt med tanke på:

1. Gjennomføring i høve tidsramme
2. Gjennomføring i høve budsjett

Heradsstyret 05.02.2026

Handsaming

Svar frå Ordførar, foreslått av Tonje Ljones Såkvitne, Senterpartiet

Ordførar har fått hjelp til administrasjonen med å svara ut spørsmåla, og har fylgjande å melda tilbake på det grunngjevne spørsmålet:

1. Jordskifteretten flyttar inn i Tinghuset til avtalt tid 16 februar. Dei flyttar inn i nyoppussa mellombels kontor i 2. etasje på Tinghus 2. Me arbeider etter ei tidsramme som er noko forsinka i høve opprinneleg plan, men er i rute i høve ny framdrift, dette er kommunisert til domstolsadministrasjonen.
2. Prosjektet har endra seg noko undervegs, dette er vanleg ved detaljprosjektering. Så langt er me i rute økonomisk, og det er nytta omlag 4.7 mill pr dato. Det ser ut til at me skal halda oss innafor ramma som er gjeve. Me vil som vanleg laga sluttrapport når prosjektet er ferdig.

HST - 04/26 Vedtak